

**ØY
GARD
EN**

**Kunnskapsgrunnlag til planstrategien for
Øygarden kommune
2020-2023**



Innhold

Lesarrettleiing	3
FN sine berekraftsmål som overordna rammeverk for kommunal planlegging	3
Kunnskapsgrunnlaget i lys av den pågående korona-pandemien	4
Innleiing	6
Kommunal planstrategi som verktøy for bedre planlegging	6
FN sine berekraftsmål som overordna rammeverk for kommunal planlegging	9
Kva er berekraftig utvikling?	10
Kva for viktige prinsipp må me kjenna til i FN sine berekraftsmål	10
Folkehelseoversikta som ein viktig del av kunnskapsgrunnlaget	12
Folkehelseprofil for Øygarden kommune 2020	12
Kommune-ROS for Øygarden kommune	14
Demografi – kven er innbyggjarane våre?	15
Nasjonale og global trendar som påverkar demografien	15
Venta framtidig vekst	16
Demografien i Øygarden	18
SOSIAL BEREKRAFT	20
Mål 1 Utrydde fattigdom	20
Mål 2 Utrydde svolt	24
Mål 3 God helse	26
Mål 4 God utdanning	31
Mål 5 Likestilling mellom kjønna	34
Mål 11 Berekraftige byar og samfunn	36
Mål 16 Fred og rettferdighet	50
ØKONOMISK BEREKRAFT	54
Mål 8 Anstendig arbeid og økonomisk vekst	54
Mål 9 Innovasjon og infrastruktur	58
Mål 10 Mindre ulikskap	60
Mål 12 Berekraftig forbruk og produksjon	62
ØKOLOGISK BEREKRAFT	64
Mål 6 Reint vgn og gode sanitærforhold	64
Mål 7 Rein energi til alle	66
Mål 13 Stoppe klimaendringane	67
Mål 14 Liv under vgn	69
Mål 15 Liv på land	71
Samarbeid for å nå måla	73
Mål 17 Samarbeid for å nå måla	73
Oppsummering/konklusjon.....	75

Kunnskapsgrunnlag til planstrategien for
Øygarden kommune 2020-2023

Kontaktinformasjon:

Postadresse: Ternholmvegen 2, 5337 Rong

Telefon: 56 16 00 00

Nettside: www.oygarden.kommune.no

Epost: postmottak@oygarden.kommune.no

Utarbeida ved Areal- og samfunnsplan

Grafisk utforming: Kjell Andersland

Lesarrettleiing

FN sine berekraftsmål som overordna rammeverk for kommunal planlegging

Denne rapporten er utarbeida som kunnskapsgrunnlag for den nye storkommunen sin første planstrategi. Føremålet med kunnskapsgrunnlaget er å gje ei oversikt over kva for sentrale utviklingstrekk som gjer seg gjeldande i Øygarden kommune. Kunnskapsgrunnlaget peikar på ein del utfordringsbilete innanfor dei viktigaste samfunnsområda til kommunen, og gir slik sett eit grunnlag for prioritering av planar som bør utviklast som styringsverktøy i den første planperioden.

For å sikra at berekraftsmåla vert ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga i Øygarden kommune er kunnskapsgrunnlaget strukturert etter FN sine 17 berekraftsmål. Dette inneber at identifiserte utfordringsbilete er analysert og plassert innanfor det berekraftsmålet som er relevant, og tilpassa kommunal kontekst og lokale forhold. Mange av utfordringsbileta kan passe inn under fleire av berekraftsmåla, men er plassert etter det som vert vurdert som mest føremålstenleg. Dei ulike berekraftsmåla er deretter plassert innanfor fire ulike dimensjonar; sosial berekraft, økonomisk berekraft, miljømessig berekraft

og samarbeid. I målet om ei berekraftig utvikling er arbeidet med folkehelse og utjamning av sosiale helseforskellar sentralt. Folkehelsekartlegginga utgjer difor eit viktig bidrag til kunnskapsgrunnlaget.

Kunnskapsgrunnlaget nyttar ein del tal og statistikk for å skildra status og utfordringsbilete i kommunen. Det vil vera variasjon i kva statistikk som er tilgjengeleg for dei tre tidlegare kommunane, og dette medfører at det innimellan berre vert vist til data frå ein av dei tre tidlegare kommunane. Dette kan både handla om kva for data som er kartlagt og gjort tilgjengeleg lokalt i dei tre tidlegare kommunane, men også at ein del statistikk berre vert produsert for kommunar over ein viss størrelse av omsyn til anonymitet.

I arbeidet med kunnskapsgrunnlaget er det vist til ulike planar som kan vera relevante for dei ulike utfordringsbileta. Denne oversikta er ikkje ei uttømmande liste, men heller meint som faktaopplysing om kva for planar som pr. dato finst. Oversikta gir også grunnlag for å gjere opp planane sin status og såleis starta prosessen med vurdering av eventuelle planbehov.





Foto: Colourbox

Kunnskapsgrunnlaget i lys av den pågående korona-pandemien

Kunnskapsgrunnlag og utfordringsbilete vil alltid vera "flytande". T.d. vart dette dokumentet skrive på grunnlag av tilgjengeleg statistikk frå hausten 2019 til mars 2020. I februar og mars 2020 vart det klart at koronaviruset som hadde utspring i Wuhan, Kina, også råka Noreg. Det er iverksett drastiske tiltak for å unngå smitte i størst mogleg grad. Alle skular og barnehagar i landet er per dags dato stengde. Det same er ei rekke service- og tenestefunksjonar der folk møtest. Til dømes er frisør, treningsenter, psykologtenester, fysioterapi med meir stengde i ein periode. Varigheita av desse tiltaka er per i dag uvisst. Alle som hadde vore i utlandet vart sett i karantene i to veker etter at dei kom heim. Situasjonen har ført til store konsekvensar i næringslivet, og truleg er det få næringar som ikkje er påverka. I løpet av dei første tre-fire dagane etter at tiltaka vart sett i verk har arbeidsløysa i Øygarden kommune dobla seg. Eit stort tal arbeidstakrar er permittert eller har fått varsel om permittering innanfor ei bredd av bransjar, og lever i ein usikker situasjon framover.

Dei langsiktige konsekvensane av dette er ukjente, og er avhengig av kor raskt og i kva grad samfunnet kjem seg «på beina» att etter at tiltaka vert avslutta. På kort sikt er ein heilt reell konsekvens at mange bedrifter framleis vil måtte permittera tilsette, og i verste fall gå konkurs. Nedgang i etter-spurnaden i marknaden fører til reduksjon i inntekter. På tilbodssida vil utfordringar med import av varer frå utlandet føra til at mange norske bedrifter har leveringsvanskår, noko som kan forsterka sannsynet for permittingar og i verste fall konkursar.

I løpet av februar og mars har me også sett eit stort fall i oljeprisen, noko som påverkar ein stor del av næringslivet i Øygarden kommune. Erfaringa frå oljekrisa i 2014 viste at dette førte til stor arbeidsløyse. Dersom konkursar og vidare permittingar vert konsekvensane av pandemien og tiltaka for å hindra smitte, vil ein kunne sjå ein vidare auke i arbeidsløysa framover, og dermed auke i tal personar med behov for stønad til livsopphald. NAV Øygarden mottok over 1 000 søknadar om dagpengar frå permitterte innbygg-



Turveg på Bildøyna
Foto: Kjell Andersland

gjarar i Øygarden i perioden mellom 9. – 18. mars, noko som ifølgje NAV er høgare enn på eit heilt år under finanskrisa.

Andre moglege konsekvensar kan vera fleire sosialhjelppsmottakarar, større økonometiske skilnader blant innbyggjarane i kommunen, samt ein høgare del av personar i låginntektshushald, deriblant barn. For kommunen vil ein slik effekt også bety lågare skatteinntekter.


Når det gjeld sosiale konsekvensar kan både tiltaka og frykt for å bli smitta eller smitta andre med viruset føra til meir einsemd, og høgare førekommst av psykiske lidningar som angst og depresjonar. Meir alvorlege konsekvensar kan vera ein auke når det gjeld vald i nære relasjonar, og ein auke alkohol- og narkotikaavhengigheit. Innbyggjarane si tillit til både nasjonale og lokale myndigheter vil truleg også bli påverka av korleis situasjonen vert handtert.

Samstundes kan den pågåande situasjonen potensielt stimulera til meir innovasjon

og frivilligkeit. Kanskje veks det fram nye samarbeidskonstellasjonar eller næringer i kjølvatnet av dette? Gjennom å stimulera til auka innovasjon og grunderverksemd, samt sørga for god infrastruktur til næringslivet, kan kommunen bidra til å redusera dei potensielle negative effektane av den pågående situasjonen. Som det vert peika på seinare i dette kunnskapsgrunnlaget manglar Øygarden kommune ein klar strategi for næringsutvikling.

Konsekvensane av både virusepidemien og tiltaka mot smitte vil vera avhengig av både varigheita av tiltak og epidemien, men også av kva for avbøtande tiltak som kjem for å motverka dei negative konsekvensane. Til no har regjeringa løyvd midlar for å hjelpe både privatpersonar og bedrifter/næringer som vert ráka av smitteverntiltaka, men også effekten av dette er per dato ukjent. Dei reelle konsekvensane vil bli meir tydelege etter kvart, men truleg vil utfordringsbiletet som er skissert i dette notatet vera eit bileta på korleis situasjonen var før pandemien og innføringa av dei restriktive tiltaka.

19.mars 2020



Bildøyna
Foto: Kjell Andersland


Innleiing

Kommunal planstrategi som verktøy for betre planlegging

Kunnskapsgrunnlaget og prosessarbeidet som følgjer, har som intensjon å skapa fellesforståing for dei samfunnsutfordringane som finst i Øygarden, samt å skapa god forankring og brei semje om politiske prioriteringar av planbehov i perioden 2020-2023.

I prioritering av planoppgåver står kommunen relativt fritt. Det einaste lovpålagte i høve planbehov, er at planstrategien skal ta stilling til om kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel skal vidareførast utan endringar, eller reviderast heilt eller delvis (§10-1 tredje ledd). Planstrategien bør også avklara kva for kommunedelplanar, temoplanar og sektor/fagplanar som skal vidareførast, reviderast eller gå ut. I tillegg bør ein avklara om det er behov for å utarbeida nye planar i fireårsperioden.

Figuren under syner prosess med milepelar. Prosessen samsvarar med sak om oppstart av kommunal planstrategi 2020-2023-prosessen, pågåande planoppgåver og arbeid med kommuneplanen (KS20/1560), som vart vedtatt i kommunestyret 20. februar 2020.



Øygarden kommune tek med seg ein stor portefølje av vedtekne planar frå dei tidlegare kommunane Fjell, Sund og Øygarden. I omfang handlar dette om 3 arealdelar og 2 samfunnsdelar av kommuneplanen, 17 kommunedelplanar samfunn, 5 kommunedelplanar areal og 50 sektor-, tema- og fagplanar. I tillegg kjem strategiar og lokalt vedtekne forskrifter og vedtekter. Oversikta følgjer i vedlegg, og er meint som rein faktaopplysing. Det er pr. dato sett i gang ein administrativ prosess for å kunna gjera opp status på tidlegare vedtekne planar, og få innspel og faglege vurderingar på om planane bør vidareførast, reviderast eller gå ut. Dette arbeidet er ikkje sluttført, men vil vera klart før arbeidsseminar 2 (28. mai) og før det vert føreteke prioriteringar av planbehov.

Planprosessar er ressurskrevjande. Plan- og bygningslova set difor eit sterkt fokus på at planlegging ikkje skal vera for omfattande (§3-1 tredje ledd), men styrt av behov. Dette inneber at prioritert planarbeid skal byggje på relevant kunnskapsgrunnlag, grundige drøftingar, strategiske val eller det ein kan kalla ei vesentlegheitsvurdering.

Arbeidet med å utvikla ny planstrategi er eit godt eigna verktøy for å vurdera Øygarden kommune sitt samla plansystem. For at plansystemet skal fungera etter hensikta, må det vera tydeleg samanheng mellom ulike plantypar, kommunen sin handlings- og økonomiplan, årsbudsjett og verksemplanner. God samanheng i plansystemet er det viktigaste styringsverktøyet for kommunedirektøren si oppfølging, iverksetting og gjennomføring av politiske mål, prioriteringar og vedtak.


Figuren til høgre syner korleis prosessen med å utvikla ny kommuneplan, med strategiar og handlingsplanar, kan sjå ut. Den øvste trekanten syner at ein startar breitt med FN sine globale mål, for deretter å snevra det inn til å handla om lokale forhold i Øygarden kommune, før ein opnar opp att og gjev strategien innhald. Føremålet med ei vesentlegheitsvurdering er å hjelpe kommunen med å konkretisera og prioritera kva for berekraftsmål ein skal arbeida med. Prioriteringa må byggja på reelle behov og utfordringar, men også kva kommunen faktisk har moglegheit til å påverka.

Arbeidet med å utvikla ny planstrategi er eit godt eigna verktøy for å vurdera Øygarden kommune sitt samla plansystem. For at



Modell av Pure Consulting og Asker kommune.

plansystemet skal fungera etter hensikta, må det vera tydeleg samanheng mellom ulike plantypar, kommunen sin handlings- og økonomiplan, årsbudsjett og verksemdplan. God samanheng i plansystemet er det viktigaste styringsverktøyet for kommunedirektøren si oppfølging, iverksetting og gjennomføring av politiske mål, prioriteringar og vedtak.



FN sine berekraftsmål som overordna rammeverk for kommunal planlegging

Nasjonale forventningar til kommunal planlegging 2019–2023 legg til grunn at FN sine berekraftsmål skal følgjast opp i arbeidet med planstrategien. Dei 17 utviklingsmåla skal visa veg mot ei berekraftig utvikling på kort og lang sikt, og fremja både sosial, økonomisk og miljømessig berekraft lokalt, nasjonalt og globalt.

Regjeringa sine forventingar vert konkretisert i tre hovudområde:

1. Berekraftig areal og transportplanlegging
2. Vekstkraftige regionar og lokalsamfunn i heile landet
3. Byar og tettstadar der det er godt å bu og leva

Kommunane spelar ei viktig rolle i arbeidet med å utvikle berekraft, både økologisk, sosialt og økonomisk, og må difor vera seg bevisst og aktivt ta på seg denne rolla som samfunnsutviklar . I sak 54/19, Økonomiplan 2019 – 2023 og sak 20/1560, om arbeidet med kommunal planstrategi, er det lagt til grunn at FN sine berekraftsmål også skal leggjast til grunn for planstrategien til Øygarden 2020 - 2023.



Kva er berekraftig utvikling?

Berekraftig utvikling vert av FN definert som å imøtekoma dagens behov utan å øydeleggja moglegheitene for at framtidige generasjonar skal få dekka sine behov.

FN sine 17 berekraftsmål, som Noreg har forplikta seg til å nå innan 2030, er verda sin felles arbeidsplan for blant anna å sikra sosial rettferdigheit og god helse, og å stansa klimaendringar og tap av naturmangfald. Regjeringa har bestemt at FN sine berekraftsmål skal vera det politiske hovudsporet for å ta tak i våre største utfordringar, og legg vekt på fire store berekraftsutfordringar:

1. Å skapa eit berekraftig velferdssamfunn
2. Å skapa eit økologisk berekraftig samfunn
3. Å skapa eit sosialt berekraftig samfunn
4. Å skapa eit trygt samfunn for alle

Det er viktig å merka seg at det er rom for lokal politikk innanfor berekraftsmåla, og at berekraftsmåla kan nyttast som ei politisk bevisstgjering, og ei tydeleggjering av konsekvensar ved politiske val.


Kva for viktige prinsipp må me kjenna til i FN sine berekraftsmål

FN sine berekraftsmål er utvikla med stor grad av medverknad, og er gjort relevante for alle land, både rike og fattige. Det som skil berekraftsmåla frå FN sitt tidlegare arbeid med berekraftig utvikling er særleg fem prinsipp:

- Berekraftsmåla har fokus på årsaker til fattigdom, ulikskap og klimaendring - ikkje berre symptom.
- Berekraftig utvikling er konkretisert gjennom 17 mål og 169 delmål . Ei slik konkretisering gjer det lettare for alle organisasjonar, også kommunar, å operasjonalisera og spesifisera korleis ein best skal nå måla.
- I arbeidet med berekraftsmåla er det eit viktig prinsipp at ingen skal utelatast- *Leave no one behind*. Dette betyr at dei mest sårbare menneska må prioriterast, uavhengig om det gjeld eit rikt eller fattig land.
- Berekraftig utvikling byggjer på tre dimensjonar – sosial berekraft, økonomisk berekraft og miljømessig berekraft.

FN sine berekraftsmål er opptekne av ein sterkare samanhengstenking, der det er samanhengen mellom desse tre dimensjonane som avgjer om noko er berekraftig eller ikkje. For å ikke bruka opp den kloden ein har, må ein finna løysingar som balanserer belastninga på miljøet med forbruket og økonomien vår, samstundes som ein finn betre måtar å fordela ressursane på.

- Figuren til høgre syner korleis dei tre dimensjonane er innvevd i kvarandre, og påverkar kvarandre. Eit viktig prinsipp for at utviklinga reelt sett skal vera berekraftig er at utvikling/tiltak må stetta opp om to av dei tre dimensjonane, men utan å gå ut over den tredje. Først då vil ein kunne få til ein utvikling som er berekraftig ved at den ikkje øydelegg for framtidige generasjonar.



Figur som illustrerer samanhengen mellom dei ulike dimensjonane i berekraftig utvikling, der økonomi og samfunn er innnevært i, og avhengig av, biosfæren. Modellen er utvikla av [Stockholm Resilience Centre](#).

Folkehelseoversikta som ein viktig del av kunnskapsgrunnlaget

I arbeidet med kunnskapsgrunnlaget har folkehelseoversikta vore eit viktig bidrag. Folkehelselova pålegg alle kommunar å ha naudsynt oversikt over helsetilstanden i befolkninga, samt positive og negative faktorar som påverkar helsa vår. Oversikta skal synleggjera korleis helsa fordeler seg i befolkninga, og kommunen skal vera særleg merksam på trekk ved utviklinga som kan skapa eller oppretthalda sosiale forskjellar i helse. Lova seier vidare at det kvart fjerde år skal utarbeidast ei skriftleg oversikt som identifiserer dei viktigaste folkehelseutfordringane for kommunen, og at helseoversikta skal liggja til grunn for kunnskapsgrunnlaget i planstrategien.

Arbeidet med folkehelseoversikta har følgått parallelt med kunnskapsgrunnlaget. Det er nytta ulike metodar for datafangst i oversiktsarbeidet. Tilgjengeleg statistikk innanfor tema knytt til blant anna befolkningssamsetnad, oppvekst og levekår og helsetilstand er analysert. Statistikken er supplert med kvalitative data gjennom intervju med om lag 40 tilsette i dei tre tidlegare kommunane, samt ein del eksterne samarbeidspartnerar. Brei involvering av tenestene – både interne og

eksterne – har vore viktig for å sikra forankring og legitimitet til folkehelseoversikta og kunnskapsgrunnlaget til planstrategien, og for å sikra ei felles forståing av utfordringsbiletet på tvers av tenester og tidlegare kommunegrenser. Ein kombinasjon av kvantitative og kvalitative data har vore naudsynt for å identifisera riktige utfordringsbilete, samt å analysera årsakssamanhangar. Intervju med blant anna ungdomar og heimebuande eldre har bidrege med viktig innsikt om kva som er viktig for våre innbyggjarar.

Folkehelseprofil for Øygarden kommune 2020

Å utjamna sosiale helseforskjellar er eit viktig mål med folkehelsearbeidet. I nær alle helseindikatorar kan ein sjå ein sosial gradient, der høgare utdanning og inntekt gir betre utslag på statistikken enn låg utdanning og inntekt. Med andre ord er det ein sterk samanheng mellom utdanning og inntekt, og helsetilstanden i befolkninga. I Øygarden kommune er utdanningsnivået lågt samanlikna med fylket og landet, og ikkje uventa viser statistikken også at det er høgare førekomst av mellom anna livsstilssjukdommar i Øygarden enn i landet elles. Til trass for dette kan ein sjå at forventa levealder er høgare i Øygarden enn i landet elles, særleg blant kvinner. Dette

kan handla om både høgare inntekt blant innbyggjarane i kommunen enn landet elles, men også mindre ulikskap i befolkninga.

Folkehelseinstituttet utarbeider kvart år folkehelseindikator for kommunane i landet, og for 2020 er det for første gang utarbeida folkehelseprofil for heile den nye kommunen. Det som kjem fram i folkehelseprofilen samsvarer med funna i folkehelseoversikta elles. I folkehelseprofilen for 2020 har Folkehelseinstituttet lagt vekt på sosial berekraft, og har trekt fram fire mål som er viktige i planlegginga av sosialt berekraftige lokalsamfunn, og som samsvarer med dei berekraftsutfordringane regjeringa legg vekt på:

- **Tilhørsle**

At kommunen legg til rette for gode oppvekst- og bumiljø, næringsutvikling, eit levande sentrum, fleir bruk av kommunale bygg og tilbod for innbyggjarar i og utanfor arbeidslivet er viktig for at innbyggjarane skal oppleva tilhørsle i lokalsamfunnet. Deltaking i frivillige organisasjonar og andre samfunnsaktivitetar, medverknad i kommunale prosessar, samt lokale tiltak for å hindra utanforskap, kan styrka opplevinga av tilhørsle og fellesskap.

• Tryggleik


For å kunne oppleva tryggleik er det viktig å dekka dei grunnleggande behova, og sikra innbyggjarane ei rettferdig fordeling og lik tilgang på godar og ressursar. Fast inntekt, gode relasjonar, å kunne gå ute åleine på kveldstid, og at barn kan leika fritt i nærområdet er døme på kvalitetar som skapar tryggleik. Gode medverknadsprosessar er viktig for å vita kva som skal til for å føla seg trygg.

• Tilgang til bustad, arbeid og lokale tilbod

Dette handlar mellom anna om tilgang til passande bustader til ein pris ein kan betala, god variasjon i arbeidsplassar, tilgang til sosiale møteplassar, fritidsaktivitetar, rekreasjon, barnehage, skule, offentleg transport og kommunale tenester.

• Tillit til menneske og myndigheter

For å skapa og oppretthalda eit sosialt berekraftig lokalsamfunn er det viktig at innbyggjarane har tillit til at politikarane jobbar for samfunnet sine felles interesser, og at kommunen tilbyr tenester som dei treng. Andelen av befolkninga som stemmer ved val kan vera ein indikator på tillit.



Kommune-ROS for Øygarden kommune

Sund, Fjell og tidlegare Øygarden fekk i 2018 utarbeida ein felles kommune-ROS, som tek for seg risikoen for at ulike hendingar skal skje. Når det gjeld risikofaktorar som kan påverka liv og helse er ein del av dei viktigaste risikofaktorane knytt til værforhold. Sjukdomsutbrot, ulukker, og hacking/datainnbrot vert trekt fram i kommune-ROS for dei tre kommunane som nokre av dei viktigaste risikofaktorane som både har høgast sannsyn for å inntreffa, og som har stor risiko for liv og helse.


Hending	Sannsyn	Risiko liv og helse
H-01 Vind def. som ekstra innvær	4	20
H-30 Epidemi/ pandemi	4	20
H-31 Multiresistente bakteriar fører til dødsfall	4	16
H-09 Trafikkulykke med mange skadde	3	15
H-10 Stor industriulykke	3	15
H-07 Transportulykke sjø/ ulykke til sjøs	3	15
H-28 Hacking/ datainbrot/ virus og cyberkriminalitet	5	15
Stor hending utanfor våre kommunar som råkar vår region	3	15
H-12 Storbrann	3	12
H-17 Svikt i IKT og EKUM tenester	4	12
H-33 Smitte i mat fører til alvorleg sjukdom eller dødsfall	4	12
H-25 Angrep på NAV kontor og andre offentlege kontor/ tenester	4	12
H-06 Luftfartsulykke	2	10
H-00 Skips/ riggulykke og anna ulykke ved hamn	2	10
H-04 Ras/ utglidning på land	3	9
H-03 Havstigning, stormflo, brottsjø	3	9
H-11 Lekkasjer fra røyrelidningar på land/ andre industriulykker	3	9
H-24 Alvorlege truslar mot tilsette, brukarar av kommunale tenester og innbyggjarar i/ ved kommunale bygg	3	9
H-27 Sabotasje	3	9
H-29 Utru tenar	3	9
H-13 Stor utmarksbrann	4	8
H-18 Svikt i straumforsyning meir enn 4 timer	4	8
H-20 Svikt i avlausphandtering	4	8
H-22 Bortfall hovudtransportare – eit døgn eller meir	2	8
H-02 Ekstreem nedbør/ styrregn	3	6
H-16 Akutt luftforureining	3	6
H-19 Langvarig bortfall av vassforsyning	3	6
H-32 Legionella	3	6
H-33 Smitte i vatn fører til alvorleg sjuka eller dødsfall	3	6

Demografi – kven er innbyggjarane våre?

Ved inngangen av 2020 budde det 38 316 personar i Øygarden kommune. Alle dei tre tidlegare kommunane har hatt høg vekst sidan opninga av Sotrabrua i 1971. Sjølv om veksten framleis er høg, kan ein sjå at folketetalet ikkje har auka like raskt dei siste åra som tidlegare.

Nasjonale og global trendar som påverkar demografien

Nasjonale og globale trendar påverkar korleis demografien ser ut i Øygarden kommune, og korleis ein kan venta at folketetalet utviklar seg framover. Sentralisering og urbanisering er tydelege trendar nasjonalt, der folk i større grad buset seg i og nær større byar og tettstader enn tidlegare. Små kommunar opplever i større grad fråflytting, medan det er dei større kommunane som opplever vekst. Nasjonalt ser ein også både aukande globalisering (men avtakande vekst i innvandring), ei aldrande befolkning (særskild i distrikta), og avtakande fødselsratar. Ein kan også sjå at stadig fleire bur åleine, og at det er fleire par utan barn enn tidlegare. Slike trendar og utviklingstrekk må kommunen kjenna til, slik at ein har moglegheit til å tilpassa seg utviklinga.



Kjelde: SSB

Venta framtidig vekst

Veksten i folketalet vert påverka av fødselsoverskot (fødde minus døde), netto innanlandske flytting (innflytting minus utflytting), samt nettoinnvandring (innvandring minus utvandring). Ei framskriving av folketalet er eit estimat på korleis ein trur framtida vil sjå ut, mellom anna basert på korleis befolkninga har endra seg dei siste åra. Framskrivingane er difor «ferskvare» og bør følgjast med på årleg. Det finst ulike modellar for framskriving av folketalet, og ulike alternativ innanfor kvar modell. I følgje framskrivinga til Vestland fylkeskommune (PANDA analyse, hovudalternativet/middels folketalsvekst) kan me venta at det i 2045 vil bu i underkant av 50 000 innbyggjarar i Øygarden kommune, ei auke på nær 30 prosent frå dagens innbyggjartal.

I fleire av planane for dei tre tidlegare kommunane er det nytta prognosealternativet for høg vekst. Årsaka til dette er den høge folkeveksten som dei tre kommunane har opplevd over tid etter at Sotrabrua opna. Sjølv om Øygarden framleis har positiv folkevekst ser ein ikkje den same auken no som tidlegare. Dette gir dermed grunnlag for å nytta hovudalternativet/middelvekst i framtidig planlegging. Som nemnt tidlegare er framskrivningar ferskvare, og endringar i framskrivingar

endrar seg undervegs i planperioden. Dette vil alltid vera ei utfordring knytt til langsiktig planlegging, og som hovudregel nyttar ein difor hovudalternativet med mindre det finst særleg grunn til å anta at kommunen kjem til å ha ei anna vekstrate.

Nasjonale og globale trendar er ytre påverknadsfaktorar som spelar inn på korleis folketetalet i kommunen utviklar seg. Samstundes finst det også lokale faktorar for vekst og befolkningssamsetting som kommunen i større grad har moglegheit til å påverka sjølv, særskild med tanke på nettoinnflytting. Korleis ein legg til rette for sosial og teknisk infrastruktur, gode oppvekstvilkår, lokal identitet, arbeidsmarknad, eit sterkt regionsenter og attraktive lokalsamfunn, mellom anna gjennom lokal bustad-, areal- og næringspolitikk, påverkar kommunen som attraktiv bustadkommune. Folkevekst kan føra til auka skatteinntekter for kommunen, og sidan det ofte er yngre personar som vel å flytta på seg, kan tilflytting også føra til ei yngre befolkning. Samstundes kan folkevekst føra til eit auka investeringsbehov for kommunen, i form av auka press på til dømes infrastruktur, skular, barnehagar, helse- og omsorgstenester.





Foto: Colourbox

Figuren nede til høgre syner gjennomsnittleg netto folkevekst i perioden 2010-2020, etter eittårig alder og kjønn. Tala er berekna ved å sjå på kor mange innbyggjarar som er på dei ulike alderstrinna frå eit år til eit anna. Ettersom tala inneheld både fødslar og dødstal vil aldersgruppa 0-10 og 80+ verta påverka av desse komponentane. For alderssegmentet mellom dette (10 – 80 år) er det i all hovudsak til- og fråflytting som forklarar endringar i netto folkevekst.

Figuren syner størst bevegelse for både kvinner og menn frå om lag 18 år til 40 år. Negativ folkevekst er størst i aldersgruppa 19-24 år, og heng truleg saman med at fleire vel å flytta ut av kommunen i samband med utdanning/studiar. Samstundes ser ein størst folkevekst i aldersgruppa 25-37 år, som truleg betyr at mange vel å flytta heim etter utdanning, og når ein etablerer familie. Ein veit også at mange småbarnsfamiliar ynskjer å bu meir landleg i denne livsfasen.

Av tabellen kan ein elles sjå at både menn og kvinner føl same mønster, og det er dermed ikkje truleg at det er vesentlege kjønnsskilnadnar i netto folkevekst. Dersom ein samanliknar med andre typiske omegns-kommunar finn ein same mønster, med størst bevegelse i aldersgruppa 20 – 40 år. Dette er typisk for kommunar som ligg i utkant av større byar med studietilbod, og difor trekk til seg unge som skal studere.



Demografien i Øygarden

Det er viktig for kommunen å vita kven innbyggjarane er, og korleis både alder, kjønn, etnisitet, utdanningsnivå og inntekt fordeler seg. Dette er kunnskap som er naudsynt for at kommunen skal kunne planlegga gode og målretta tenester ut til befolkninga, og for å kunne gjera gode prioriteringar.

Fleire av dei globale og nasjonale trendane som påverkar demografien kan ein også sjå igjen i Øygarden kommune.




Endra alderssamansetting

✓ Kommunen har lenge hatt ein høg del av befolkninga som er ung, men dette er i ferd med å endra seg. Framskrivningar av folketalet tilseier at del eldre i absolutte og relative tal vil auka mykje framover, og at ein i 2040 kan venta ei tredobling i talet på eldre over 80 år i Øygarden kommune. Årsaka til dette ligg mellom anna i betre helse og leveår, som har ført til høgare levealder. Saman med lågare fødselsrate dei siste åra gir dette ei endring i alderssamansettinga. Det er venta at trenden med ei aldrande befolkning kjem til å

fortsetta i framtida. Jamfør framskrivningar frå Vestland fylkeskommune kan ein venta nullvekst eller nedgang i talet på barn og unge under 30 år dei neste ti åra, og at ein vil sjå ei auke i folketalet over 30 år. Særskild vil auken vera stor i aldersgruppa 75 år +.

✓ Ei slik endring i befolkningssamansettinga fører til at det blir færre i arbeidsfør alder per eldre over 80 år. For kommunen kan dette tyda eit aukande behov for helse- og omsorgstenester i åra framover, samstundes som det per eldre over 80 år blir både færre hender i arbeid, og mindre skatteinntekter til å finansiera tenestene.





Globalisering

- ✓ Aukande globalisering kan ein også sjå i Øygarden kommune, og i 2019 var kvar tiande innbyggjar i kommunen innvandrar. Dei fleste av desse er arbeidsinnvandrarar, og ein stor del kjem frå Aust-Europa (statistikk.ives.no).
- ✓ Nettoinnvandringa har gått ned dei siste åra, både på grunn av lågare arbeidsinnvandring, men også at fleire returnerer til heimlandet. Innvandring bidrar framleis til folkevekst, men ikkje i like stor grad som tidlegare.
- ✓ For kommunen vil innvandring mellom anna tyda auka tilgang på arbeidskraft og kompetanse. Mellom anna viser statistikken at det er fleire innvandrarar med utdanning på universitets- og høgskulenivå enn i befolkninga elles. Samstundes ser ein at innvandrarar statistisk er meir sårbare enn befolkninga elles. Statistikken viser at innvandrarar har lågare tilknyting til arbeidslivet (særleg kvinner), og om lag halvparten av barna som er representert i barnefattigdomsstatistikken har innvandrabakgrunn. Mange har også språkutfordringar, noko som krev tilrettelegging frå tenestene.




Endra familieforhold

- ✓ Stadig fleire lever aleine, samstundes som delen av par utan barn er aukande. Dei siste ti åra har delen av hushald som består av ein person auka frå 29 prosent i 2008, til 34 prosent i 2018. Samstundes har delen av hushald som består av par utan barn auka med i underkant av to prosentpoeng i løpet av same periode, og var på 24 prosent i 2018. Desse endringane ser ein også nasjonalt, men trenden i Øygarden er svakare enn i landet elles. Til dømes bestod heile 44 prosent av hushalda i Hordaland av ein person i 2018 (statistikk.ives.no).
- ✓ Endra familieforhold vil mellom anna kunne påverka bustadbehovet, og for kommunen kan dette bety at ein må planlegga for ein endring i bustadstrukturen.



Sentralisering

- ✓ Endringar i folkeveksten i Noreg ber preg av sentraliseringstrenden. Fleire folk vel å flytta frå distrikta for å bu i byar og tettstadar. Statistisk sentralbyrå (SSB) peikar også på denne trenden i sine kvartalsvise rapportar om folkevekst, der ein ser at det er dei allereie folkerike kommunane som veks.
- ✓ Kartet til høgre syner at dette er trender som ein også ser i Øygarden kommune.



SOSIAL BEREKRAFT

Den sosiale delen av berekraftig utvikling handlar om å sikra at alle innbyggjarane får eit godt og rettferdig grunnlag for eit anstendig liv. Menneskerettane er heilt sentralt i dette arbeidet. Viktige tema innanfor sosial berekraft handlar om blant anna utdanning, arbeid, deltaking i samfunnet, trygge bustadar og bumiljø, kulturelt mangfald, samt korleis desse godane fordeler seg i samfunnet.

Det er nær slektskap mellom folkehelse og sosial berekraft, der befolkninga si helse og livskvalitet er avgjerande for berekrafta i samfunnet.

I arbeidet med kunnskapsgrunnlaget har ein samla seks av berekraftsmåla under sosial berekraft:

- Mål 1 Utrydde fattigdom
- Mål 2 Utrydde svolt
- Mål 3 God helse
- Mål 4 God utdanning
- Mål 5 Likestilling
- Mål 11 Berekraftige byar og samfunn
- Mål 16: Fred og rettferd



Mål 1 Utrydde fattigdom

Fleire av innbyggjarane i Øygarden kommune risikerer å stå utanfor fellesskapet som følgje av mangel på økonomiske og materielle ressursar.

Fattigdom i Noreg handlar om meir enn mangel på materiell velferd. Det handlar om mangel på deltaking i samfunnet, mangel på anstendig levestandard, mangel på reelle valmoglegheiter og innflytelse på eige liv. Noreg har ikkje ei eiga grense for fattigdom, men ein ofte brukte metode er å sjå på kor stor del av hushalda som har samla inntekt mindre enn 60 prosent av medianinntekta. Å vera fattig i Noreg kan vera eit hinder for sosial deltaking, og kan medføra utanforsk og negative konsekvensar for både fysisk og psykisk helse.

I Øygarden kommune er det fleire med høg inntekt samanlikna med landet og fylket, og det er færre barn og hushald generelt med låginntekt. Tal frå tidlegare Fjell kommune viser at det også er færre som bur trøngt, og fleire som eig eigen bustad. Samstundes finn ein at alle dei tre tidlegare kommunane har ei auke i hushald med låginntekt.




Foto: Colourbox

Mangel på inntekt og moglegheita til eit anstendig liv kan få fleire negative konsekvensar både for dei individua det gjeld, men også for storsamfunnet. Det er nær samanheng mellom levekår og inntekt, og både levevanar og helsa vår vert påverka av sosioøkonomisk bakgrunn. Ved låginntekt vil individet ha større risiko for å utvikla både fysisk og psykisk sjukdom, og å stå utanfor samfunnet og arbeidslivet. Ein auke i personar som opplever låginntekt kan medföra auka kostnadane knytt til velferdstenester.

Eit aukande tal barn veks opp i låginntekt i Øygarden kommune


Låginntekt er vanlegare blant unge vaksne enn blant barn, men likevel får barnefattigdom særskilt merksemd. Dette handlar blant anna om at fattigdom kan ha negativ påverknad på barn sin livskvalitet og helse. Ein kan sjå systematiske forskjellar blant barn med høg og låg sosioøkonomisk status, der barn i låginntektsfamiliar er meir utsett for dårlagare helse (særskilt psykisk), opplever meir einsemde og utanforskapping, trivst mindre på skulen, deltek i mindre grad i organiserte aktivitetar, samt at dei generelt har dårlagare tilgang på materielle godar som til dømes gode bustadar.

Frå forsking veit ein også at foreldrerolla vert påverka av økonomi. Foreldre med økonomiske vanskar opplever til dømes meir stress, som igjen kan medföra dårlagare val av foreldrestil samanlikna med foreldre som har god råd. Samstundes er det verdt å nemna at tenestene har spelt inn at dei ser tilfelle der foreldre med høg inntekt jobbar mykje, og er mindre til stades for barna sine.

Delen av barn som veks opp i låginntektsfamiliar i kommunen er aukande, og tal frå 2018 syner at dette gjeld nær 1000 barn i Øygarden kommune. Barn som veks opp i låginntekt har auka risiko for psykiske lidingar, overvekt, rusproblem, fysisk sjukdom, mobbing, skulevanskar og fråfall. Funna i folkehelseoversikta syner også at unge i kommunen har auka førekomst av psykiske lidingar, oftare føler seg einsame, og manglar sosial støtte. Barnehagar ser at barn i låginntektsfamiliar ofte kan ha vanskar allereie i barnehagen, og at dette ofte er dei same barna som fell frå skulen seinare.

Me i skulen ser desse barna kvar dag. Barna som ikkje har ete frukost, og som kjem til oss utan matpakke. Me har lært at me må ha eit lager med mat på skulen, slik at desse barna får mat i seg.

- Innspel frå teneste



Kjelde: SSB

Frå forsking veit ein at barn i låginntektsfamiliar deltek i mindre grad i organiserte aktivitetar enn andre barn, og dette opplever også idrettslaga i vår kommune.

Rekruttering av barn i denne målgruppa kan vera vanskeleg, og ofte fell dei frå aktivitetar grunna manglande betalingsevne, til trass for at idrettslaga utøver romsleight ved manglande betaling.

Ein auke i låginntekt generelt og barnefattigdom spesielt utfordrar den sosiale berekrafta i samfunnet, då samfunnet er avhengig av god helse i befolkninga, og trygge, gode barn som veks opp til å bli aktive samfunnsborgarar.

I tida 2015 – 2019 deltok Fjell kommune i Fylkesmannen si femårige satsing mot barnefattigdom. Med utgangspunkt i lokale forhold arbeidde kommunen fram heilskaplege og tverrfaglege løysingar for å betra kvardagen til barn og unge som er råka av barnefattigdom. Satsinga vart lagt inn i den ordinære kommunale verksemda, med vekt på kartlegging, planlegging, kompetanseheving og tiltak. Eit av funna frå kartlegginga var at kommunen har utjamnande og kompenserande tiltak som sikrar barn og unge deltaking, men at det er ei utfordring å styrka, koordinera og informera om tiltaka. Prosjektet er pr. dato avslutta, men tal frå folkehelseoversikta tilseier at fokus på barnefattigdom bør halde fram i Øygarden kommune.

Øygarden kommune har ein høgare del av innbyggjarane som mottek stønad til livsopphald og sosialhjelp.

Tilgang til inntektsgivande arbeid er ein viktig helsefremjande faktor som bidreg til økonomisk tryggleik, men også eit anstendig liv og fellesskap. På same måte vil mangel på arbeid vera ein risikofaktor for därlegare helse, både fysisk og psykisk. Det er difor eit uttalt mål å auke sysselsettingsgraden.

Folkehelseprofilen for 2020 syner at Øygarden kommune skil seg signifikant ut ved å ha ein høgare prosentdel som mottek stønad til livsopphald i aldersgruppa 20-66 år. I 2018 mottok 17 prosent av befolkninga i denne aldersgruppa stønad til livsopphald i Øygarden kommune. Dette utgjorde 3 915 personar. Til samanlikning var det 14 prosent i Vestland, og 16 prosent i Noreg. Stønad til livsopphald inneber her mottakarar av uføretrygd, arbeidsavklaringspengar, arbeidsledigkeitstrygd, overgangsstønad for einslege forsytarar og tiltaksmottakarar. Samstundes har kommunen ein høgare del av befolkninga som mottek sosialhjelp. Dette gjeld både unge sosialhjelps-mottakarar, og langvarige sosialhjelps-mottakarar (6 månadar eller meir).




Foto: Colourbox

Desse funna må truleg sjåast i samband med eit lågare utdanningsnivå og ein høgare del (særleg unge) med psykiske lidningar. Tenestene peikar også på at integrering av flyktningar i arbeidslivet kan vera krevjande, og særleg blant dei som har lite eller inga utdanning. Språkferdigheiter og kulturforskjellar kan også vera barrierar for integrering i arbeidslivet.

Ein auke i sysselsettingsgraden krev ein større integrering i arbeidslivet av personar med nedsett arbeidsevne. Korleis kommunen legg til rette for samarbeid med nærlivslivet vil påverka i kor stor grad ein lukkast i dette arbeidet. Samstundes har kommunen moglegheiter for å gå føre som eit godt eksempel ved å leggje til rette for inkludering og opplæring internt i eigen organisasjon. Eksempelvis har Fjell kommune tidlegare jobba systematisk gjennom eigne vedtak og måltal på kor mange læringer kommunen skulle sysselsette i eigen organisasjoner. Dette er eit døme på korleis kommunen aktivt kan vera me å leggja til rette for auka sysselsetting.

Vedtekne planar for dei tidlegare kommunane som kan møta utfordringar knytt til berekraftsmål #1:

Øygarden tek med seg fleire vedtekne planar som på ulike måtar kan møta lokale utfordringar knytt til fattigdomsproblematikk. Men for å oppnå mål om å utrydda/redusera førekomensten av fattigdom må det langsiktig og systematisk samarbeid til, på tvers av plan-, teneste- og kommunalsjefområda (jf. berekraftsmål 17). Relevante planar er vist til i eiga ramme.





Mål 2 Utrydde svolt

Førekomsten av overvekt og fedme er høg i Øygarden kommune

Det er ein sterk samanheng mellom utdanningsnivå, levevanar og helse. På gruppenivå tar personar med høgare utdanning statistisk gjennomgåande betre val for eiga helse samanlikna med personar med lågare utdanning. Det at innbyggjarane i Øygarden kommune har (litt) dårlegare kosthald og er (litt) mindre fysisk aktive enn i fylket elles kan truleg forklarast med at utdanningsnivået er lågare i Øygarden kommune. Folkehelseoversikta viser at fedme og overvekt er ei utfordring blant unge i kommunen (målt ved overvekt på sesjon). Fedme og overvekt gir igjen auka risiko for ein del livsstilssjukdommar (til dømes diabetes 2).

Det finst ikkje gode tal på kommunenivå når det gjeld fedme og overvekt i den vaksne delen av befolkninga, men høgare førekomst av ei rekke livsstilssjukdommar som er knytt til overvekt og fedme, kan tyda på at dette er ei utfordring for desse også.

Kommunen si arealdisponering påverkar artsmangfald og framtidige mogleheter for matproduksjon

Korleis kommunen legg til rette for småskala landbruksproduksjon, og forvaltar verdifull matjord, har betydning for både noverande og komande generasjonar sitt næringsbehov. Kommunen si evne til å ivaretaka artsmangfaldet har også innverknad på framtidige generasjonar si evne til å livnæra seg.

Matsikkerheit handlar om at alle skal ha tilgang til tilstrekkeleg og trygg mat, også når det er vanskelege tider. I det siste har matsikkerheit fått auka fokus, grunna press på naturressursar og klimaendringar, samtidig som det er befolkningsvekst. Ut frå eit beredskapsomsyn bør kommunen i størst mogleg grad produsera mat sjølv, men ut frå føresetnadane til kommunen er dette vanskeleg. I Øygarden kommune utgjer primærnæringane ein liten del av næringsstrukturen, og landbruk utgjer ein liten del av dette igjen. Grunna kaldt klima og kort vekstssesong er jordbruksproduksjonen i Noreg ein sårbar næring som ofte svingar frå år til år grunna været.

Sjølv om primærnæringa utgjer ein relativt liten del av næringsstrukturen i Øygarden, har ein i det siste sett fleire gode dømer på lokale næringar som har vakse fram.

*Blant anna produserer **Strilalam** kortreist og lokalt foreldra kjøtt, og er i dag eigd av seks gardbrukarar. **Tekslo Seafood** haustar og tørkar viltveksande tang og tare lokalt, som dei produserer krydder av. **Søyland Biegard** produserer lynghonning frå blant anna Sotra og Øygarden.*


Dette er alle eksemplar på næringar som utnyttar lokale ressursar for å etablera nye næringar, og som er prega av grunderaktivitet.

Landbruket sitt bidrag til storsamfunnet er meir enn berre matproduksjon. Det inneber også formar for næringsverksemd og tenesteytande arbeid, samtidig som det er med på å forma kulturlandskap. I strategisk landbruksplan for Fjell, Sund og (tidlegare) Øygarden vert det vist til at landbruket treng fleire bein å stå på, og at koplingar mellom blant anna landbruk og turisme har vist seg å vera nyttig.

Kulturlandskapet og samanhengande landbruksareal er viktige kvalitetar, og ein nødvendig ressurs i eit samfunn i vekst. For at kulturlandskapet skal haldast i hevd, må det skjøttast, og dette fordrar eit godt samarbeid mellom bondene, innbyggjarar, frivillige organisasjonar og kommunen. Driftsformer der ein nyttar utmarksressursane i større grad vil vere positivt for mange av FN sine mål, og her har Øygarden kommune store ressursar. Ein kan auka berekraftig, miljøvennleg og kortreist matproduksjon, samstundes som ein tek vare på mange raudlisteartar og bidreg til å oppretthalda artsmangfaldet. Samtidig er det slik at utmarksressursar stadig står ovafor stort press for utbygging. Avgang av areal skjer hovudsakleg gjennom nedbygging til bustad, veg og industri.

Vedtekne planar for dei tidlegare kommunane som kan møta utfordringar knytt til berekraftsmål #2:

Arealdelen til kommuneplanen i Fjell, Sund og Øygarden er viktige styringsverktøy for å kunna møta lokale utfordringar knytt til berekraftsmål 2; å utrydda svolt. Først og fremst ved å sikra areal til landbruk, natur og friluftsområde (LNF). Sund og tidlegare Øygarden har vedteke landbruksplanen. Kjerneområde for landbruk er innarbeida i arealdelane til tidlegare Øygarden og Fjell kommune.



Bildøyna
Foto: Kjell Andersland



Mål 3 God helse


Ei auke i den eldste delen av befolkninga krev strukturar som gjer det godt og trygt å bu heime.

Statistikken viser at eldre er meir utsett for skader som krev behandling i sjukehus, som til dømes hoftebrot. Tenestene i kommunen uttrykker ei bekymring for eldre som bur heime, særskild aleinebuande eldre. Det vert stilt spørsmål ved om strukturane i samfunnet legg godt nok til rette for at eldre skal ha det trygt når dei bur heime (t.d. strøming og anna skadeførebygging), og kva som er mettingspunktet for kor lenge eldre kan bu åleine. Eldre er til dømes meir sårbare dersom det brenn i heimen, ved at dei kan ha vanskar med å komma seg ut tidsnok på eiga hand. Tannhelsetenesta ser utfordringar knytt til tannhelsa til heimebuande eldre. Mangelfullt tannstell kan mellom anna føra til smerter, infeksjonar, samt sosial stigma som kan føra til meir einsemd.

Delen av eldre er aukande i Øygarden kommune, og det er venta ei tredobling av talet på eldre over 80 år fram mot 2040.

Øygarden har ikkje nok hender til eldremcosa i framtida

Rekruttering til helse- og velferdssektoren er eit sentralt utfordringsbilete knytt til den sterke auken i talet på eldre i kommunen. Denne problemstillinga handlar om at det ikkje i dag vert utdanna nok fagpersonell til å dekke det framtidige behovet på nasjonalt og globalt nivå. Dette vil medføra at kampen om relevant arbeidskraft vil forsterka seg ytterlegare i framtida. Dette er eit område som krev politisk satsing på tvers av fagområde. Eksempelvis vil både heiltidskultur, kompetanseutvikling blant tilsette, og godkjenning av utanlandsk arbeidskraft vera relevante drøftingar innanfor dette utfordringsbiletet. I kor stor grad Øygarden kommune står fram som ein attraktiv arbeidsplass vil vera avgjerdande for om ein lukkast i kampen om kompetanse og arbeidskraft. I dette ligg også arealpolitiske verkemidlar som handlar om å gjera kommunen til ein attraktiv plass å arbeida og bu, både med omsyn til kollektivtilbod og bustadkvalitetar. I rapporten sjef for eige liv (2012) vert det peika på behovet for å styrkja rekruttering av fagfolk. Dette kan skje gjennom å leggja til rette for ein arbeidsgjevarpolitikk med lokalt handlingsrom i kvardagen og skapa eit spennande utviklingsmiljø i samhandling med utdannings- og forskingsinstitusjonar og andre aktørar.



Kjelde: SSB

Høgare førekomst av livsstilssjukdommar blant innbyggjarane i Øygarden

Det er ein sterk samanheng mellom utdanningsnivå og dei vala ein tar for eiga helse. Eit lågare utdanningsnivå i Øygarden kommune kan forklare kvifor ein finn därlegare kosthald, mindre fysisk aktivitet, fleire som røyker, og høgare førekomst av livsstilssjukdomar som kreft, diabetes 2, hjarte- og karsjukdommar, og muskel- og skjelettlidningar.

Til trass for lågt utdanningsnivå er forventa levealder høgare i Øygarden enn i landet elles. Truleg heng dette saman med eit generelt høgt inntektsnivå, og at det er lite økonomisk ulikskap i kommunen samanlikna med fylket og landet.

Eit utval relevante planar som kan møta utfordringane knytt til berekraftsmål 3;

Kommuneplanar

- ✓ Samfunnsdelen til kommuneplanen, Sund
- ✓ Samfunnsdelen til kommuneplanen, tidlegare Øygarden
- ✓ Kommuneplanen sin arealdel Fjell, Sund og Øygarden

Kommunedelplanar

- ✓ Kommunedelplan Helse-, sosial- og omsorgsplan 2008-2011/16, Fjell
- ✓ Pleie- og omsorgsplan 2007-2020, Øygarden
- ✓ Kommunedelplan for bustadutvikling, 2013-2020, Fjell.
- ✓ Kommunedelplanar areal Fjell, Sund og Øygarden
- ✓ Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2011-2018 Fjell
- ✓ Kommunedelplan for kultur 2007-2010, Fjell
- ✓ Kommunedelplan for kultur 2012-2022, Sund
- ✓ Skule- og utdanningsplan 2011-2014, Fjell

Temoplanar, handlingsplanar og strategiar

- ✓ På sporet av framtidas skule, 2018, Fjell - grunnlagsdokument.
- ✓ Helsetenester for flyktningar og asylsøkjrar, 2010, Fjell
- ✓ Temoplan for psykisk helse 2006-2009, Fjell
- ✓ Handlingsplan for betre samordning mellom tenestene i høve til å avdekkja og hjelpa barn og deira pårørande i akutte omsorgssituasjonar, 2018, Fjell
- ✓ Helsetenester for flyktningar og asylsøkjrar, 2010, Fjell
- ✓ Temoplan for psykisk helse 2006-2009, Fjell
- ✓ Handlingsplan for betre samordning mellom tenestene i høve til å avdekkja og hjelpa barn og deira pårørande i akutte omsorgssituasjonar, 2018, Fjell
- ✓ Ruspolitisk tema- og handlingsplan vedtekne i Fjell, Sund og Øygarden
- ✓ Sykkelstrategi
- ✓ Sjef i eige liv, 2012, Fjell

Høg førekomst av psykiske lidinger blant unge i Øygarden kommune

Miljøforhold spelar ei viktig rolle når det gjeld risikoene for psykisk uhelse. Trygg tilknyting til omsorgspersonar i barndommen, sosial støtte og nære og trygge forhold til andre menneske er beskyttande faktorar for psykisk helse. Sosiale møteplassar, ein velfungerande og inkluderande arbeidsmarknad, gode lokalsamfunn, og kultur- og fritidsaktivitetar er døme på korleis ein kan legga til rette for auka sosial støtte. På den andre sida vil sosial einsemd og isolasjon, samt traumatiske opplevingar auka risikoene for å utvikla psykiske plager og lidinger.

Statistikken viser at det er høg førekomst av psykiske lidinger i Øygarden kommune, særskild blant unge, og at førekomsten er aukande. Ungdata-undersøkinga viser at stadig fleire ungdommar opplever einsemd og mobbing. Ungdommane i kommunen brukar også svært mykje tid på skjerm samanlikna med landet elles, men trekker sjølv fram at det også kan vera ein sosial arena.

Utanforskap er ein viktig årsak til psykiske vanskar. I Øygarden kan ein sjå ein auke i tal unge som deltek i organiserte fritidsaktivitetar, men her kan ein sjå både geo-

grafiske og sosioøkonomiske skilnader. Det er også ein samanheng mellom økonomi og einsemd. Til dømes ser skule og barnehage barn som trekker seg vekk frå fellesskapet fordi dei ikkje har råd til bursdagsgåver, og vil ikkje belasta foreldra med å bli invitert i bursdagar.

Dess betre psykisk helsetilbod kommunen har, dess fleire psykisk sjuke ser det ut til at me får. Er det fleire psykisk sjuke enn før, eller er det eit resultat av betre avdekking?

- Innspel frå teneste

(Om skjermbruk): Me lever i ein heilt anna tidsalder. Dei som er einsame kan treffa andre gjennom å spela spel. Eg møter ofte hyggelege folk gjennom spel, og blir venner med dei.

- Ungdomsskulelev



Svært høg forekomst av narkotikautløyste dødsfall i Øygarden kommune

Forekomsten av narkotikautløyste dødsfall er meir enn dobbelt så høg i Øygarden kommune som i landet elles, og er høgare enn i både Oslo og Bergen. Sjølv om tenestene har vore klar over utfordringar knytt til rusrelatert helse, opplyser tenestene at dette er overraskande høge tal. Dette er eit tydeleg teikn på at det finst eit etablert rusmiljø i kommunen, noko også tenestene melder om. Både tenestene og ungdataundersøkinga viser til ei endring i haldning til rus blant ungdom, der dette er meir akseptert enn tidlegare. Det vert også peika på at dersom éin i vennegjengen startar med rusmidlar, er terskelen for å prøva ut rusmidlar lågare for venane rundt.

Også når det gjeld rusavhengigheit kan ein sjå ein sosioøkonomisk gradient, der personar med låg utdanning og/eller inntekt har større risiko for å utvikla rusavhengigheit.

Tenestene rapporterer også om utfordringar knytt til samhandling rundt brukarar med rusutfordringar. Det vert vist til at lovverket forpliktar til samarbeid, men at det likevel er vanskeleg å få til i det daglege. Det


er særskilt samhandling kring pasientar med samtidige rus- og psykiatrilidinger (ROP-lidingar) som utfordrar samhandlinga. Denne utfordringa forplantar seg vidare i livsløpsfasen. Personar med ROP-lidingar lever lengre, og får større utfordringar, og krev difor meir oppfølging. Dette kan gjelda både tilrettelegging for bustad og/eller aktivitetar. Utfordringar knytt til samhandling illustrerer viktigheita av samarbeid på tvers for å løysa utfordringar saman. I FN sine berekraftsmål er samarbeid for å nå måla eit sjølvstendig mål, samtidig som det ligg som ein premiss for at ein skal kunna lukkast for å nå alle måla.

Me ser ein auke i melde lovbroten knytt til narkotika på barn under 18 år. Politiet er også bekymra når det gjeld utviklinga i rusbruk generelt, og ser at det vert nytta sterkare rusmidlar.

- Innspel frå Politiet

Me ser ein haldningsendring hos de ungdomane som nyttar rus, ved at cannabis ikkje sjåast på som rusmiddel. Ungdomane leser seg opp, har mykje kunnskap om rus, og ofte meir enn me i systemet.

- Innspel frå teneste



Kjelde: kommunehelsa statistikkbank (FHI, 2020).

Høg antibiotikabruk i Øygarden kommune

Bakteriar som er resistente mot antibiotika er eit alvorleg og aukande problem globalt. Det er difor eit viktig poeng å motverka unødig bruk av antibiotika, slik at ein kan bremsa og truleg redusera resistensutvikling. I Noreg er det eit nasjonalt mål om å redusera antibiotika bruk med 30 prosent innan 2020.

Samanlikna med landet elles er antibiotika-brukaen høg i Øygarden kommune, og eit stykke unna det nasjonale målet. Samstundes har det vore ein positiv utvikling dei siste åra, og antibiotikabruken er på veg ned. Tenestene i kommunen opplyser at haldningsskapande kampanjar gjennom fleire år har medført auka bevisstheit blant innbyggjarar, og dermed større forståing for avgjersla til helsepersonell om å vera restriktiv med antibiotika. Det vert likevel påpeika at for å nå måla om reduksjon i antibiotikabruk må det vera eit kontinuerleg fokus på det, og opplæring både på gruppe- og individnivå.

Vedtekne planar for dei tidlegare kommunane som kan møta utfordringar knytt til berekraftsmål #3:

Mange vedtekne planar knytt til arealbruk, sektorar og fag inneholder mål og tiltak knytt til helse. Rapporten sjef i eige liv (2012), har vore aktivt nytta som strategidokument for å møta eldrebølgja. Rapporten handlar om å leggja til rette for at eldre skal kunna bu heima lengst mogleg, blant anna ved hjelp av velferdsteknologi. Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2011-2018, har som visjon å få «alle i aktivitet». Planen er eit godt døme på naudsynt sektorovergripande innsats for å utvikla idretts- og nærmiljøanlegg, utmarkområder og strandsoner som saman med frivilligheita fremjar aktivitetsvariasjon på tvers av alder, kjønn og funksjonsnivå. Kommunedelplan for bustadutvikling 2013-2020, er også eit relevant døme å trekka fram her. Planen har hatt ei tverrsektoriell tilnærming for å sikra tilgang til bustad for alle grupper i samfunnet. Trygg bustad er ein grunnleggjande faktor for å sikra god helse og livskvalitet, og krev innsats frå fleire sektorar. Andre relevante planar knytt til berekraftmål 3 er vist i ramme.




Foto: Colourbox



Mål 4 God utdanning

Utdanningsnivået i Øygarden kommune er lågare enn landet og fylket

Det er ein sterk samanheng mellom utdanningsnivå og levevaner og helse, der høgare utdanning gir betre helse og sunnare livsstil (på gruppennivå). Ut frå dette kan ein seia at eit lågare utdanningsnivå er ein trussel for folkehelsa, og kan medføra auka kostnadar for helsevesenet. Samtidig er samfunnet orientert på ein slik måte at det er vanskeleg å skaffa seg inntekt og arbeid dersom ein ikkje har ei formalisert utdanning. Kompetanse-samfunnet kan føra til utanforskap, der nokon vert ståande utanfor arbeidslivet og samfunnet elles.

Samanlikna med fylket og landet elles er utdanningsnivået i Øygarden kommune lågt, også blant unge (30-39 år). Konsekvensane av dette kjem fram i statistikken, som viser at innbyggjarane i Øygarden har dårligare levevanar og høgare førekommst av livsstilssjukdommar enn fylket og landet. Delen av uføre og sosialhjelpsmottakarar er også høgare i Øygarden kommune.

Eit utval relevante planar som kan møta utfordringane knytt til berekraftsmål 4;

Kommunedelplanar

- ✓ Skule- og utdanningsplan 2011-2014, Fjell


Temoplanar, handlingsplanar og strategiar

- ✓ På sporet av framtidas skule, 2018, Fjell, grunnlagsdokument
- ✓ Plan for skulehelsetenesta, 2010, Fjell
- ✓ Ny skulestruktur, 2013, Fjell
- ✓ Handlingsplan for betre samordning mellom tenestene i høve til å avdekkja og

hjelpa barn og deira pårørande i akutte omsorgssituasjonar, 2018, Fjell

- ✓ Strategi og utviklingsplan for skulane i Sund 2016-2020
- ✓ Strategi og utviklingsplan for barnehagane i Sund, 2016-2020
- ✓ Handlingsplan mot skulevegring 2019, Sund
- ✓ Plan for eit godt og trygt skolemiljø, 2018
- ✓ Rutine for overgang barnehage til barneskule, frå barneskule til ungdomsskule, Øygarden

Utdanningsnivå, personar over 16 år (2018)



Kjelde: SSB

Barnehagar og skular i Øygarden kommune bidrar ikkje nok til å utjamna sosiale skilnader

Lik og rettferdig skuletilbod til alle er eit viktig prinsipp i Noreg, blant anna for å sikra sosial mobilitet i samfunnet. Likevel finn ein at sosial arv spelar ei vesentleg rolle når det gjeld barn og utdanning. Barn av foreldre med høgare utdanning har større sannsyn for å fullføre utdanning sjølv, trivast oftare på skulen, og har på gruppenivå større sannsyn for å få hjelp til lekser.

Barnehage og skule har potensiale for å vera ein sosialt utjamnande arena, men i Øygarden kommune kan ein sjå systematiske skilnader i sosioøkonomisk status. Mellom anna er barnehagedekninga blant minoritetsspråklege barn låg, og i tidlegare Fjell går under 60 prosent av dei minoritetsspråklege barna i barnehage. Statistikken viser at elevane i grunnskulen i Øygarden har lågare meistringsnivå i lesing og rekning enn fylket og landet elles, særleg i tidlegare Sund, der nær halvparten av elevane i femte klasse er på lågaste meistringsnivå i lesing.

Barnehagar og skular melder at dei ser ein sosial gradient når det gjeld barn med reguleringsvanskar, og at dette er ei aukande utfordring. Ei endring i foreldre-


rolla med mindre grensesetting har blitt trekt fram som ein mogleg årsak til dette. Det blir også stilt spørsmål frå tenestene til kva for strukturar i skule og barnehage som kan vera med på å skapa eller oppretthalda denne utfordringa. Utdanningskarrieren startar allereie i barnehagen. Barnehagar og skular av god kvalitet er ein føresetnad for å kunne løfta heile barnegruppa, uavhengig av kjønn, etnisitet og kva sosioøkonomisk bakgrunn familien har.

Mange av ungdommane som fell frå vidaregående skule har me kunna peika ut allereie då dei var små.

- Innspel frå teneste

Me ser at innvandrarbarn som ikkje går i barnehage og lærer seg norsk, har eit svakare utgangspunkt for vidare læring.

- Innspel frå teneste



Øygarden kommune har fleire som fell frå vidaregåande utdanning

Det er eit globalt delmål at innan 2030 skal alle jenter og gutter fullføra vidaregåande opplæring. I dag fell meir enn kvar femte elev i Øygarden ut av opplæringsløpet før dei har fullført vidaregåande skule. Dei siste åra har fråfallsprosenten gått ned både nasjonalt, og i Øygarden. Fråværsgrensa som vart innført i 2016 kan truleg forklara noko av nedgangen. I følgje Folkehelseinstituttet tyder mykje på at psykiske problem er den viktigaste årsaka til at ungdom fell ut av skulen. Tenestene melder om målretta og tverrfagleg innsats for å redusa fråfallsprosenten har hatt effekt, men at det no ser ut som om det er behov for fleire tilnærmingar for å klara å redusera fråfallet ytterlegare.

Sjølv om Noreg har eit samfunn som legg opp til sosial mobilitet gjennom blant anna gratis utdanning, er det framleis systematiske forskjellar knytt til sosioøkonomisk status. Ungdom som har foreldre med lågare utdanningsnivå har større risiko for å droppe ut av vidaregåande skule. Folkehelsekartlegginga i Øygarden kommune syner at også i vår kommune kan ein sjå desse forskjellane. Barn frå låg-

inntektsfamiliar er overrepresenterte i gruppa barn som har vanskar på skulen. Eit særleg interessant funn er at desse forskjellane vert observert allereie i barnehage.

Vedtekne planar for dei tidlegare kommunane som kan møta utfordringar knytt til berekraftsmål #4:

Det finst eit stort omfang av rapportar, planar og strategiar som omhandlar utdanning og skule. Eksempelvis vart det i 2019 utarbeidd ein tilstandsrapport for grunnskulen i Fjell. Rapporten set fokus på læringsmiljø, læringsresultat og system for oppfølging. Den inneholder også interessante refleksjonar om utfordringar og framtidsutsikter knytt til blant anna kommunesamanslåing, kompetanseheving, digitalisering, motivasjon og læringsmiljø, arbeid for å hindra fråfall frå vidaregåande skule, integrering av framandspråklege, arbeid for sosial utjamning, folkehelse og barnefattigdom.

Sund og tidlegare Øygarden kommune har også vedtekne strategiar og planar for skule og utdanning, t.d. handlingsplan for skulevegring, plan for eit trygt og godt skolemiljø og rutinar for overgang mellom barnehage til barneskule og frå barneskule til ungdomsskule. Sjå samla oversikt i ramme.




Foto: Colourbox



Mål 5 Likestilling mellom kjønnene

Kjønnsskilnader i arbeidsmarknaden i Øygarden kommune

Statistikken viser at blant innbyggjarane i Øygarden er det fleire menn enn kvinner som er sysselsette. Kjønnsskilnadene er merkbart større blant innvandrarar. Statistikken viser også kjønnsskilnader i pendlingsmønsteret. Der netto utpendling er størst blant kvinner i tidlegare Fjell, er det større netto utpendling blant menn i tidlegare Sund og Øygarden.

Arbeidsmarknaden i kommunen er prega av mykje olje- og gassrelaterte næringar, og etter oljekrisa i 2014 kunne ein sjå at arbeidsmarknaden var sårbar for konjunktursvingingar. Særskild blant menn under 30 år var arbeidsløysa høg dei første åra etter oljekrisa. Statistikken viser også at gutter oftare droppar ut av vidaregåande skule enn jenter. Med ein arbeidsmarknad med høge krav til kompetanse kan dette gi utfordringar når det gjeld sysselsettingsgraden blant unge menn framover.


Eit utval relevante planar som kan møta utfordringane knytt til berekraftsmål 5;

Kommuneplanar

- ✓ Samfunnssdelen til kommuneplanen tidlegare Øygarden

Me ser at mange innvandrarkvinner blir verande heime utan å læra seg norsk, noko som aukar risikoien for einsemd.

- Innspel frå teneste



Kjelde: SSB

Vedtekne planar for dei tidlegare kommunane som kan møta utfordringar knytt til berekraftsmål #5:

Ingen av dei tre tidlegare kommunane har planar som set eit systematisk fokus på berekraftsmål 5 – likestilling mellom kjønna. Samfunnssdelen til Øygarden sin kommuneplan seier likevel at kommunen skal arbeida for likestilling mellom kjønna, for menneske med innvandrarbakgrunn og funksjonshemma – i alle deler av samfunnslivet. Kommunen skal blant anna jobba for færre deltidstillingar, fleire kvinnelege leiarar, både i privat og kommunal sektor, og lønsutjamning. Samstundes ønskjer ein fleire menn i skule og barnehage.

Fjell kommune har hatt prosjektarbeid knytt til heiltidskultur som er forankra gjennom handlingsprogrammet 2017-2020. Prosjektet har hatt særleg fokus på helse- og omsorgssektoren, og har blant anna nytta ulike turnusordningar for å sikra bygging av fulle stillingar.

Fjell kommune har også hatt nasjonalt merksemd for integreringsprosjektet «Rett i jobb». Prosjektet tilbyr eit alternativ til det ordinære introduksjonsprogrammet for flyktningar, der prosjektdeltakarar i

prosjektet vert plassert direkte ut i arbeidstrening med det same dei vert busette i kommunen. Målsettinga til prosjektet er å oppnå raskare integrering, auka trivsel og bulyst, verdiskaping for kommunen, og betre språk- og kulturopplæring. Slike målretta prosjekt kan vera nyttige for å auka arbeidstilknytinga for innvandrarar generelt, og innvandrarkvinner spesielt. For å lukkast i slike prosjekt og satsingar er det avgjerande å få til samarbeid med nærlingsliv og sivilsamfunn, jamfør berekraftsmål 17.




Foto: Pixabay



Mål 11 Bærekraftige byar og samfunn

Helse vert først og fremst til der menneske bur og lever, og nærmiljøet rundt oss kan enten fremja eller hemma god helse. Bærekraftige byar og samfunn er kjenneteikna ved nærmiljø som legg til rette for rekreasjon, tryggleik, sosiale møteplassar, fysisk aktivitet, kulturell identitet, og som er tilgjengeleg for alle.

Trygge og gode bustadar for alle fordrar at kommunen tek rolla som aktiv bustadpolitisk aktør


Tilgang på trygg og god bustad er sentralt for innbyggjarane sine kvardagsliv, og har stor betydning for livskvalitet gjennom dei ulike livsfasane. Ein vanskeleg busituasjon kan påverka levekår og helsa til barn og unge. Det påverkar skuleprestasjonar og deira sosiale liv. Vedvarande låg bukvalitet og langvarig leige av bustad aukar sannsynet for at barn ikkje tar med vener heim.

Vanskelegstilte på bustadmarknaden er i utgangspunktet ei marginalisert gruppe

med kjenneteikn som låg inntekt, låg eller inga utdanning og svak arbeidsmarknadsstilknyting. I eit befolkningsperspektiv er dette samanfallande med därlegare helsetilstand. For sårbare grupper kan ein vanskeleg busituasjon bidra til å forsterka og oppretthalde eksisterande helseproblem og sosiale utfordringar (Folkehelseinstituttet).

For å lukkast i å tilby alle innbyggjarar trygge og gode bustadar fordrar dette at kommunen aktivt set bustadsosialt arbeid på agendaen. Dette inneber å leggja til rette for eit breitt og variert bustadtilbod, samstundes som ein sikrar gode buminjø. Samansetning av ulike grupper er viktig for integrering og inkludering. Kommunen må sjå sine bustadsosiale verkemidlar i samanheng for å lukkast i dette arbeidet.

I KS sin rapport om kommunen som bustadpolitisk aktør frå 2018, vert det peika på at sosioøkonomiske omsyn får for liten plass i det bustadsosiale arbeidet i Noreg. Rapporten stiller bl.a. spørsmål ved om bærekraftig by- og tettstadsutvikling har hatt for sterkt fokus på klima, areal og transport, og i for liten grad teke omsyn til sosial bærekraft. Fleire av bustadane som vert tilbydt i byar og tettbygde strøk har gode kvalitetar, men er på eit prisnivå som gjer at dei ikkje er



Telavåg
Foto: Kjell Andersland

tilgjengelege for alle. Dette er trekk vi også ser i Øygarden kommune, og er viktig kunnskip som må leggjast til grunn når ein skal utvikla bustadpolitiske mål og strategiar.

Bustadar for alle er ein viktig del av den sosiale berekrafta, og må innebera at sosio-økonomiske omsyn vert ivaretatt slik at vanskelegstilte, barnefamiliar og einpersonshushald med «vanlege inntekter» vert sikra moglegheiter til å bu i ein klimavennleg by- og tettstadsstruktur.

Som eit resultat av Kommunedelplan for bustadutvikling 2013-2020 etablerte Fjell kommune bustadkontoret i 2015. Det medførte eit systematisk arbeid med tildeling, innkjøp og oppfølging av kommunale utleigebustadar, betre samordning av bustadsosiale oppgåver, samt auka bruk av bustadsosiale verkemidlar. Gjennom målretta innsats, forankring av arbeidet med omsyn til økonomi og organisering, og tverrfagleg samarbeid, har talet på innbyggjarar som stod på venteliste for bustad blitt redusert. Arbeidet har hatt ei sterkt satsing på dei vanskelegstilte i samfunnet, og er sett i samanheng med andre satsingar i kommunen. Dette har blant anna gjort at barnefamiliar er vorten prioritert som ei følgje av barnefattigdomssatsinga. Lang-

siktig satsing, utstrekkt bruk av samarbeid mellom kommune, stat (husbank) og private utleigarar har vore ein viktig suksessfaktor i arbeidet. I den nye kommunen er det bustadsosiale arbeidet organisert på ein litt anna måte, der ein mellom anna har valgt å oppretta eit kommunalt føretak for kommunale bustader. For å videreføra og framleis oppnå gode resultat på det bustadsosiale feltet vil det vera viktig at kommunen etablerer god tverrfagleg samhandling og tydeleg avklarer ansvaret innanfor det bustadsosiale arbeidet.

Varierte bustadtypar og sprett bustadbygging er trenden i Øygarden kommune

Globalt, nasjonalt og lokalt er det stort fokus på redusert klimagassutslepp for å oppnå ei berekraftig by- og tettstadutvikling. Berekraftige byar og tettstader skal fremja fysisk og sosialt miljø, økonomisk berekraft, helse og livskvalitet. Statlege planretningslinjer legg fôringar for at kommunane skal bidra til å utvikla kompakte byar og tettstadar, med korte avstandar mellom gjeremåla våre. Målet er å redusera arealforbruk, behov for transport og styrka grunnlaget for kollektivtransport, sykkel og gange. Øygarden kommune er del av ein større arbeids- og bustadmarknad i Bergensområdet, som gjer

Eit utval relevante planar som kan møta utfordringane knytt til berekraftsmål 11;

Kommuneplanar

- ✓ Arealdelen til kommuneplanen Fjell, Sund og Øygarden

Kommunedelplanar

- ✓ Kommunedelplanar areal, Straume, Bildøyna, Ågotnes, Skogsskiftet og Rong
- ✓ Kommunedelplan for Trafikksikring 2017-2020 Fjell
- ✓ Kommunedelplan for Trafikksikring 2015-2025, Sund
- ✓ Kommunedelplan for Trafikksikring 2019-2022, Øygarden
- ✓ Kommunedelplan for bustadutvikling, 2013-2020, Fjell.
- ✓ Kommunedelplan for kultur 2007-2010 Fjell
- ✓ Kommunedelplan for kultur 2012-2022 Sund
- ✓ Kommunedelplan for Idrett og fysisk aktivitet 2011-2018, Øygarden


at dei lokale utfordringane og løysingane knytt til desse målsettingane må sjåast i eit regionalt perspektiv.

Kommunen er planmynde og skal planleggja for lokalsamfunn og tettstader med bustadområde som har aukande krav til klima og miljø, transport, folkehelse og god tilgjenge til tenester for innbyggjarane. For å vera ein attraktiv bustadkommune treng vi gode areal til bustadbygging. Spørjeundersøkingar blant innbyggjarane viser også at god tilgang på tenester, fritidstilbod, natur og friluftskvalitetar i nærområda til innbyggjarane er viktig når dei skal velja kvar dei ønskjer å bu. I vedtak som omhandlar bruk av areal og kva for areal som bør skjermast eller sparast, må det difor gjerast gode og heilskaplege vurderingar. Dette inneber at kommunen må ha overordna strategiar for samordna areal- og transportplanlegging.

Variasjon i bustadstrukturen har vore eit felles mål i dei tre tidlegare kommunane Fjell, Sund og Øygarden. Sjølv om vi ser ei gradvis endring med bygging av fleire rekkjehus, fleirmannsbustader og blokker, er einebustader framleis den klart mest vanlege bustadtypen i Øygarden (73 %). Ti år tilbake i tid var delen av einebustader 82 prosent i heile kommunen. Den største endringa når det gjeld bustadtypar kan ein sjå i tidlegare Fjell

kommune, der delen av einingar i bustadblokk har auka frå to til ni prosent i perioden 2009 til 2019. Dei siste ti åra har det blitt bygd 793 einingar i bustadblokk i tidlegare Fjell, men i alle tre kommunane er det framleis einebustader det blir bygd mest av.

Kva bustadtypar som bli bygd og graden av utnytting i eit område har direkte innverknad på arealforbruk, behov for transport, grunnlag for kollektivtransport, sykkel og gange. Marknad og etterspurnad er også ein avgjerande faktor. Tilflyttinga til Straume er eit resultat av styrt og ønska utvikling tilbake til vedteken kommunedelplan for Straume i 2006. Etterspørselen av leilegheiter vart også stadfesta i flyttemotivundersøkinga fra 2011 (Fjell kommune), som peika på behovet for å bygge leiligheter sentrumsnært - både for å møta bustadbehovet til ein aukande andel som bur åleine, men også eldre som treng nærleik til tenester.. Det ein kan merka seg er at bustadtypar og fortetting kan ha ein direkte effekt på samansetninga av befolkning. Dette kan ein tydeleg sjå på Straume, der prosentdelen eldre (særleg i aldersgruppa 70-79 år) er høgare i 2020 samanlikna med 2011. Prosentdelen unge i barnehage- og grunnskulealder er lågare, og i aldersgruppa 6-15 år har det vore nedgang i folketalet på 14 prosent. Ågotnes og områda rundt er eit anna døme på korleis bustadpolitikken påverkar befolknings-




Straume Sjøfront
Foto: Kjell Andersland

samansettinga. I dette området har det vore ein kraftig vekst i talet på rekke- og kjedehus dei siste åra. Samstundes ser ein også ein kraftig auke i talet på barnefamiliar i denne delen av kommunen.. Sør i kommunen er det ikkje Skogsskiftet som har fått veksten, men grunnkretsar med nye skulebygg som Spildepolden og Kleppe. Nord i kommunen er det ein klar trend med synkande folketal i nord, medan veksten har auka på Rong og kretsane tett på Rong. I vidare planarbeid må ein vera bevisst på korleis kommunen sin bustadpolitikk vil kunne påverka demografien i eit område, og difor heng tett saman med planlegging av offentlege tenestertilbod. Gjennom strategisk planlegging der ein ser samanhengen mellom areal, samfunn og økonomi kan ein oppnå betre utnytting av tenester og ressursar i kommunen.


For å sjå om planane tek samfunnet i den retning som er ønskeleg kan det i det vidare arbeidet vera nyttig og utarbeide analyser som ser nærmere på korleis endring av bustadtypologi slår ut på den demografiske samansettninga.

Aldersfordeling i prosent Storhilleren/Straume
2011-2020




Kjelde: SSB

Fordeling av bustadtyper i Øygarden kommune, 2012-2019



Kjelde: SSB

Prosentvis fordeling av bustadtypar i tidlegare Sund, Fjell og Øygarden (2009-2019)




Kjelde: SSB

Gjennomgang av arealplanane til dei tre kommunane viser tydeleg at det er stort utbyggingspotensiale og god kapasitet på regulerte bustadområde til å møta prognosane for folkevekst. Kommunen er dominert av mindre tettbygde område, det vil seia at det finst 2 eller færre bustader per dekar. Tettbygde bustadområde, det vil seia fleire enn 4 bustader per dekar, utgjer berre ein liten del. Dette gjeld også for sentrumsområda. Her må ein naturlegvis sjå tala i samanheng med at planane som legg opp til fortetting ikkje er ferdig utbygd, og situasjonen kan derfor vera annleis om nokre år. Kartet til høgre viser at veksten i folketal har fordelt seg utover nær alle grunnkretsane i kommunen. Unntaket er grunnkretsane i nordlege delar av kommunen som har nedgang i folketal. Dette er eit resultat av arealdelen til kommuneplanane, som ein også ser konturane av i kartet til høgre. Kartet viser at grunnkretsane som ligg i eller nær sentrum, eller langs kollektivaksane, har hatt høg vekst. Samtidig finn ein grunnkretsar med høg vekst til trass for at dei ikkje ligg i område med god kollektivdekning. Dette aukar bilbruken og innbyggjarane sitt transportbehov.

Vedteken arealbruk i dei tre kommunane har tilstrekkeleg med bustadareal til å møta forventa bustadbehov og folketalsvekst i den neste planperioden, og truleg lenger. Kommunen har eit høgt tal arealplanar un-

der arbeid, og den totale planportefølgja er eit resultat av tre ambisiøse kommunar, som ønskjer å ligge i forkant. Samtidig er det nødvendig å bruke arbeidet med planstrategien for Øygarden kommunen til å behovsprøve arealplanar, på lik linje med samfunnsplanar. Tidlegare er det vist korleis bustadtypar, demografi og tenestetilbod påverkar kor attraktive areal er som bustadområde. Ei anna utfordring som kommunen står ovanfor er gjennomføring av planlagde utbyggingsområde. Verken kommune, utbyggar eller innbyggar er tent med prosjekt som ikkje blir realiserte. Spørsmålet vi må stilla er om vi klarar å oppnå den ønska samfunnsutviklinga som planane legg opp til, og som ligg i ambisjonane til den nye kommunen.

Dei siste ti åra er det bygd i snitt 59 bustader per år i Sund, 271 i Fjell, og 44 i Øygarden kommune. Etter 2015 har det blitt bygd fleire bustadeiningar i blokk, særleg på Straume. Med nedgang i bustadmarknaden, og stramt økonomisk budsjett blir det avgjerande for kommunen å arbeida med samordning av utbygging og investering. Samarbeidsmodellar mellom det private og offentlege kan bli sentralt. Vidare i arbeidet blir det derfor viktig å arbeida med å finna handlingsrommet som ligg i både lokale og nasjonale forventningar til berekraftige lokalsamfunn, som balanserer omsynet til klima og sosial berekraft.



Senterstruktur og areal til handel


Handel utgjer, saman med bustader, kultur og ulike offentlege og private tenester, viktige funksjonar i eit senter. Eit levande senter treng handel, samstundes som handelen vil ha behov for andre sentrumsfunksjonar og busetnad tett på for å klara seg. Både nasjonalt, regionalt og lokalt i Øygarden har ein målsettingar og føringar for å styrka sentra.

I Hordaland fylkeskommune sin regionale plan for attraktive senter vert det lagt opp til ein handelstruktur som byggjer oppunder region-, kommunedel- og lokalsentra, der areal til handel skal dimensjonerast etter senterhierarki og sentrumsstruktur. Også nasjonale føringar peikar på kor viktig det er å leggja til rette for etablering av både bustader, arbeidsplassar, handel og servicefunksjonar i sentrum. Ei kompakt by- og tettstadutvikling, der flest mogleg kan gå, sykla eller reisa kollektivt, vil bidra til auka aktivitet i sentrum, samstundes som ein reduserer utsleppa frå transportsektoren. Av den grunn er t.d. daglegvarehandelen ei nærmiljøteneste som med fordel kan spreiaast til ulike delar av kommunen. Men lokaliseringa bør vera sentral opp mot kringliggande bustadområde, fortrinnsvis i gangavstand, og storleiken må vere tilpassa ein lokal marknad. Reisemotstanden

er stor når det gjeld daglegvare, og folk handlar gjerne nært sin bustad. Når det gjeld utvalsvarer, dvs. meir spesialiserte butikkar som bokhandel, klede, sport, sko etc., er situasjonen motsett. Ved å lokalisera dei mest mogleg samla får ein eit betre og meir samansett tilbod som då gjer det meir attraktivt å handla der.

Straume er definert som kommunesenter og regionsenter, og Skogsskiftet og Rong er definert som kommunedelsenter i Øygarden kommune (jf. Intensjonsavtalen). Samstundes har Øygarden store lokalsenter som Ågotnes, og fleire småsentre og nærmiljøsentre i ulike delar av kommunen som Fjell, Spildepollen og Forland. Sjølv om disse sentra er nemnt i arealdelen til kommuneplanen, saknast ei heilskapleg analyse av Øygarden sitt senter- og sentrums-hierarki. Når vi no er blitt ein stor kommune, er det klart behov for å utgreia senterstrukturen med tilhøyrande behov for areal til handel.

I arealdelen til kommuneplanane, vedtekne kommunedelplanar for t.d. Straume, Bildøyna, Ågotnes, Skogsskiftet og Rongøy, er det sett av rikeleg med areal til sentrumsføremål.



Skogsskiftet
Foto: Kjell Andersland

Dekningsgrad

Dekningsgrad for handel er eit mål på om omsettinga innan handel reflekterer folketalet i kommunane. I kommunar med handelsoverskot (dekningsgrad over 100 %), altså der omsettinga er høgare enn folketalet skulle tilsei, antek ein at dette skuldast kundar frå andre kommunar. Fjell kommune har jamt over ein dekningsgrad på over 100 %, medan tidlegare Sund og Øygarden kommunar har ein relativt låg dekningsgrad. Dette er ikkje uventa, då Straume er kommune- og regionsenter, og kan tilby eit stort utval av varer og tenester på grunn av eit større kundegrunnlag. Til samanlikning er kommunedelsentra i Sund og tidlegare Øygarden mindre, og har eit mindre folketal. Dette tilseier at også handelsgrunnlaget er mindre, som igjen trekker færre kundar.

Regionen er best dekka på utvalsvarer/unntaksvarer. Denne varegruppa inneheld mellom anna varer som delar til kjøretøy, butikkhandel med jernvarer og byggemateriale og butikkhandel med blomar og plantar. I 2017 hadde regionen over 100 % dekning på desse varegruppene.

Sjølv om Fjell kommune hadde over 100 % dekning på tre av varegruppene i 2017, er

dekninga i Sund og Øygarden så låg at dei trekk ned den samla dekningsgraden for regionen til under 100 %. Nye Øygarden kommune hadde i 2017 ein dekningsgraden på nesten 90 % for daglegvarer, 80 % for utvalsvarer, 84 % for utvalsvarer/unntaksvarer og 34 % for unntak/føresegns-varer. Frå 2013 til 2017 har det vore sterkest auke i dekningsgraden på utvalsvarer. Omsetnaden i varegruppa har auka med 20 %, og dekningsgraden har auka med tilnærma 15 %.

Dekningsgrad i prosent		2013	2014	2015	2016	2017
Fjell		104	105	106	108	109
Sund		32	31	30	32	31
Øygarden		49	59	58	58	59
Nye Øygarden kommune		82	82	83	85	86

Dekningsgrad i prosent etter varegruppe		2013	2014	2015	2016	2017
Sund	Daglegvarer	48	47	46	50	53
	Utvalsvarer	13	12	12	13	14
	Utvalsvarer/unntaksvarer	-	-	-	-	-
	Unntak/føresegns	26	28	26	28	28
Fjell	Daglegvarer	105	106	109	103	101
	Utvalsvarer	57	56	59	56	55
	Utvalsvarer/unntaksvarer	125	129	150	146	129
	Unntak/føresegns	66	60	49	43	43
Øygarden	Daglegvarer	80	78	75	78	76
	Utvalsvarer	9	7	11	12	11
	Utvalsvarer/unntaksvarer	-	-	-	-	-
	Unntak/føresegns	-	-	-	-	-


Det er svært varierande kor godt kollektivtilbodet er i kommunen, og for mange er det få reelle alternativ til bilbruk.

Med store geografiske avstandar i kommunen er det mange som bur slik til at dei må forflytta seg over lange avstandar mellom bustad og arbeidsplass, fritidstilbod og service-, handel- og tenestetilbod. Nærleiken til den store og varierte arbeidsmarknaden i Bergen gjer også at ein stor del av dei sysselsette i Øygarden vel å reisa over kommunegrensa for å arbeida. I følgje ein analyse gjennomført av COWI i 2018 var det i snitt om lag 4 500 som pendla inn over Sotrabrua på ein vanleg dag, og om lag 8 300 som pendla ut. Ein stor del av desse reisene gjeld også trafikk til og frå næringslivet i kommunen.

Folkehelseundersøkinga i Hordaland (2018) syner at fleirtalet av innbyggjarane i Hordaland nyttar private motorkøyretøy som transportmiddel for å koma seg til arbeid/studiar (58 prosent). Tala er ikkje brotne ned for Fjell, Sund og tidlegare Øygarden, men det er ikkje grunn til å tru at det er færre som nyttar bilen i vår region, enn samanlikna med Hordaland fylke. Tvert i mot viser ei reisevaneundersøking utført av Fjell kommune i 2017 at det var om lag berre 20 pro-

sent av dei som kryssa Sotrabrua i morgonrushet som nyttar seg av kollektivtilbod som reisemiddel. Undersøkinga viser vidare at kollektivandelen for reisande over Sotrabrua med Bergen sentrum som reisemål er høg, medan kollektivandelen til andre bydelar er betydeleg lågare. Med bakgrunn i denne undersøkinga fekk ein etablert ei ny bussrute mellom Straume og Sandsli. Ytterlegare kunnskap om reisevanane er viktig å arbeida fram for å finne dei rette tiltaka.

Det er etablert innfartsparkering knytt til hovudtraseane for kollektiv, på Skogsskiftet, Fjell, Ågotnes og Straume. Alle desse er i bruk og kapasiteten er god med unntak på Ågotnes og Skogsskiftet sentrum. Vi har ikkje gode tal på korleis reisevanane er internt i kommunen, men tal frå før kommunesamanslåinga viser at det er stor grad av arbeidsreiser på tvers av dei gamle kommunegrensene.



Skogsskiftet
Foto: Kjell Andersland

Ved å legga saman tala for Sund, Fjell og Øygarden i tabellen til høgre, kan ein sjå at 10 100 personar både bur og jobbar i Øygarden kommune. Dette betyr at 48 prosent av all pendlinga skjer internt i Øygarden kommune. I tillegg ser ein at for både tidlegare Sund, Fjell og Øygarden er det eigen (tidlegare) kommune som utgjer den største arbeidsmarknaden. I underkant av 8 300 personar bur i Øygarden, men jobbar utanfor kommunen. Samstundes er det i overkant av 4 000 personar som jobbar i Øygarden, men bur ein annan stad. Samla nettoutpendling for det som no er Øygarden kommune var på 4 190 personar i 2018.

Gjennom kartlegginga av folkehelsa i kommunen kjem det fram at det er fleire grupper som ikkje har god nok moglegheit til å delta i sosiale aktivitetar og møteplassar grunna manglande tilgang på trygg transport. Dette gjeld både eldre og ungdomar, samt låginntektsfamiliar. Ein ser også ein variasjon i kor nøgde ungdomane er med sitt lokalsamfunn ut frå kvar dei er busett i kommunen.

Tenestene fortel om at det fleire heimebuande eldre som ynskjer å koma seg ut til sosiale møtestader, men som av ulike grunnar ikkje har moglegheit til å nytta seg av ordinært transporttilbod. Sjølv om kommunen i dag har servicebussar som kører eldre og andre grupper til og frå aktivitetar, rapporterer tenestene om at transport er eit

BUSTAD, 2018	ARBEIDSSTAD, 2018						
	Bergen	Askøy	Sund	Fjell	(Tidl.) Øygarden	Andre områder	
Bergen	127406	1655	140	2651	173	9000	
Askøy	6735	6027	30	581	25	877	
Sund	860	51	1320	801	34	257	
Fjell	5211	224	278	5910	288	897	
(Tidl.) Øygarden	556	31	24	424	1021	171	
Andre områder	10396	149	19	414	35		

Kjelde: Statistikk i vest.

av dei største hindra for at eldre kan delta i samfunnet på lik linje med andre. Kartlegging av kva tilbod kommunen totalt sett gir, kven som brukar det, og om det er potensiale for å nå fleire med tilboden gjennom å samordne skyssstilbod for ulike grupper kan vera viktig for å styrke eksisterande tilbod. Dette vil også vera ei viktig kartleggingsoppgåve for å kunne koma i posisjon til å drøfte framtidig samarbeid med t.d. Skyss.

Barnefattigdomskartlegginga i Fjell kommune i 2016 synte også at mange barn frå låginntektsfamiliar ikkje har same moglegheit til å delta på aktivitetstilbod som andre barn grunna transportutfordringar. Fleire årsaker til dette vart identifisert, som blant anna bustadar plassert for langt utanfor kollektivknutepunkt, foreldre som ikkje har råd til eigen bil, og eit generelt redusert transporttilbod i deler av kommunen.

Programmet for eit aldersvenleg Noreg er ein del av regjeringa si kvalitetsreform for eldre – "Leve heile livet". Programmet har som mål å planleggja for eit meir aldersvenleg Noreg. Dette vert gjort gjennom fleire innsatsområde, der transport er eit sentralt tema. Kommunen deltek i dette programmet med representantar frå administrasjonen (plan, samferdsle og omsorg). Det er ei forventning om at kommunane i større grad må planleggja og leggja til rette for at den aukande delen av eldre vert sett på som ein ressurs i samfunnet, og med like moglegheiter for å delta som andre.

Den fysiske utforminga i lokalsamfunna og geografien generelt i kommunen utfordrar moglegheita til å delta i fellesskapet, samt ta gode val for eiga helse

Arealdisponering og bustadbygging avgjer kor tilgjengeleg gode og trygge fasilitetar er for innbyggjarane. I Folkehelseundersøkinga i Hordaland (2018) oppgir heile 67 prosent at tilgang til natur- og friluftsområde er det viktigaste for å trivast i sitt nærmiljø. Samstundes ser ein at det er ulikt kor tilgjengeleg dette er for alle, og ikkje alle områda er utforma på ein slik måte at dei er tilgjengelege for alle. Manglande universell utforming av både uteområde og offentlege bygg kan medføra at nokre grupper i samfunnet vert utestengd frå fellesskapet. Kommunen har utarbeida ei kartlegging av nærturterrenge for delar av kommunane, denne peikar på at dei fleste bustadområda har gode område i nær tilknytning, men i mange tilfelle er tilkomst og parkering som er hovudutfordringa. Ei satsing med fokus på samhandling mellom kommunen si grøntavdeling, kulturavdeling og planavdelinga, saman frivillige lag og organisasjonen og Bergen og omlands friluftsråd (BOF) er sentrale for vidareutvikling av rekreasjonsområda i kommunen.

Manglande samanhengande gang- og sykkelveg påverkar folkehelsa (og berekrafta) negativt ved at fleire er avhengig av å nyta bil som transportmiddel. Det er også fleire som nyttar skuleskyss til skulen

Det er viktig for meg at det er turmoglegheiter i nærliken, og at det er kort avstand til butikkar der eg kan handla den maten eg treng. (...) Det må vera enkel tilgang på treningsmoglegheiter og diverse kulturelle aktivitetar.

- Heimebuande eldre

grunna blant anna farleg veg. Kommunen har ansvar for å leggja til rette for at både barn og vaksne har moglegheit til å ta gode val for eige liv og helse, blant anna gjennom å vera fysisk aktive. For at innbyggjarar skal velja gange eller sykkel som framkomstmiddel, må dei føla seg trygge som mjuke trafikkantar. Dette krev tilrettelegging med blant anna gode, samanhengande gang- og sykkelvegar og godt opplyste vegar. Tilrettelegging for ein aktiv barndom er godt for folkehelsa på kort sikt ved at barna vert meir aktive og slik sett får god helse, men også på lang sikt ved at barna tek med seg gode helsevanar inn i vaksenlivet.

Trafikksikringsplanar i dei tre kommunane har som mål å oppnå reduksjon i talet på ulykker. Reduksjonen skal oppnåast både ved fysiske tiltak på vegnettet og fokus på utbygging og rekkefølgjekrav, men også ved haldningsskapande arbeid særleg blant barn og unge. Helsestasjonar, barnehagar og skule er alle viktige arenaar for å drive trafikkopplæring og haldningsskapande arbeid, og trafikksikringsplanar er slik sett gode dømer på at ansvar på tvers av kommunalsjefar er naudsynt for å lukkast.

Både trafikksikringsplan, sykkelstrategi og kommunen sine sykkelteljingar viser at det er flest menn som syklar. Kommunen har dei siste åra gjennom sykkelby-satsinga starta med systematisk teljing av sykkeltrafikk. Det bør også vera ei målsetting å utvide

denne kunnskapsinnhenting til større delar av kommunen, naturlig innsatsområde kan då vera skular, barnehagar og kommunedelsentra. Mjuke trafikantar er avhengig av at det både er trygt og kjennes trygt for at dei skal sykle. Barn, kvinner og eldre er ofte dei som kjerner seg mest utrygge. Det er difor desse gruppene sine behov ein må leggja til grunn i planlegginga dersom ein vil oppnå reell auke i talet på syklande i heile kommunen. For å få til ei slik satsing er det eit stort potensiale for å vidareutvikle sykkelstrategien til kommunen i lag med trafikksikringsplanen og byrekstavtalen.

Gjennom sykkelbyavtalen har ein konkretisert delmål i sykkelstrategien og avgrensa satsinga geografisk til å gjelde Lillesotra og innfartsårene til Regionsenteret. Innsatsen er slik sett målretta mot eit område som har høg trafikkbelastning, med stort potensiale å få lokaltrafikk over frå bil til sykkel. Innsatsen kan også ha effekt på trafikksituasjonen på riksvegen. Sykkelbygruppa er ei tverrfagleg samansett gruppe, der samarbeid med t.d. Basecamp er etablert.

Sykkelbyavtalen mellom kommunen, fylket og vegvesenet var eit tilbod/ordning som gjekk ut til kommunane som ikkje var del av nokon byrekstavtale. Straume er det einaste regionsenteret i Bergensområdet som innnjekk denne avtalen. No når vi er blitt part i byrekstavtalen vil fleire av satsingane som Sykkelbygruppa jobbar med kunne vera

I sykkelstrategien til Fjell vert det vist til Civita-rapport frå 2012, som inneholdt tiltak som må til for å få folk til å sykla;

- Eit samanhengande og godt utbygd sykkelnett
- Høg kvalitet på vedlikehald og drift av sykkelnettet, både sommar og vinter
- Sykkelkultur og sosial aksept
- Langsiktig sykkelsatsing og høg kompetanse
- Eit fokus på kvardagssyklistar og tilrettelegging for alle grupper av befolkninga, spesielt barn, ungdom og kvinner
- Sykkelsatsinga vert set i samanheng med andre politikkområde

Civita-rapport, 2012



aktuelle å spela inn i handlingsprogrammet til Miljøloftet (styringsorganet for byvekstavtalen).

Samfunnet er i varierande grad tilrettelagt med universell utforming

«Leaving no one behind» er eit av hovudprinsippa til berekraftsmåla, og handlar om at ingen grupper skal etterlatast på vegen mot eit berekraftig samfunn. Samfunnet skal vera sosialt rettferdig og inkluderande, uavhengig av faktorar som økonomi, kjønn, alder, funksjonsevne m.m.


I regjeringa sin handlingsplan for universell utforming 2015-2019 vert det vist til at universell utforming bidreg til sosial berekraft gjennom å gje fleire tilgang til utdanning, arbeid, bustadar og transport.

Eit viktig poeng med universell utforming er at det er naudsynt for nokon, men bra for alle. Med det meinast det at universell utforming av teknisk og sosial infrastruktur er heilt naudsynt for at til dømes eldre og menneske med nedsett funksjonsevne skal kunna delta i samfunnet, og nyttiggjera seg av ulike tilbod. Samstundes vil universell utforming vera eit gode for alle innbyggjarar, uavhengig av funksjonsnivå. Eksempelvis vil innbyggjarar med barnevogn nytta godt av bygningar og vegar som er tilrettelagt for menneske i rullestol. Vidare vil tydeleg merking og skilting i og utanfor bygningar vera heilt naudsynt for menneske med ned-

sett syn, men også gjera det enklare for alle innbyggjarar å orientera seg.

Ei kartlegging av universell utforming av uteområda på Straume hausten 2019 syner at det er varierande grad av tilrettelegging for rørsle- og synshemma. Mange stader ber det preg av å vera midlertidige løysingar og gammal infrastruktur. På desse plassane er fortauskantar for høge til at ein rullestol lett kan ferdast, og det er mykje inn- og utkjørsler som har blanda trafikk. Det kan vera utfordrande for både personar i rullestol og personar med synshemmning. Alt i alt er det nokre gode løysingar, som til dømes rundt lokalmedisinsk senter, og elles eit stort forbettingspotensiale i sentrum. Mykje vert forbeta med nytt Sotrasamband og opprusting av sentrumsgatene, men ein bør sjå på løysingar som kan betre tilgjenge på dei viktigaste strekningane i påvente av at desse varige tiltaka er på plass.

Kommunen har moglegheit til å fremja universell utforming gjennom fleire verkemiddel, blant anna gjennom å gjera universell utforming til ein premiss for all planlegging. Innkjøp og offentleg anskaffing er også viktige verkemidlar for å setja universell utforming på agendaen.



Kjemisk miljø og støy påverkar helsa til befolkninga.

Støy, luftforureining og usynlege farar som radon, asbest og inneklima kan ha negativ påverknad på livskvalitet og helse. Fly og helikopter er støykjelder som ein veit påverkar ein del innbyggjarar i kommunen vår, og er den støykjelda som får størst merksamd. Tilsvarande er vegstøy ein negativ faktor for dei som bur og oppheld seg tett på hovudvegnettet. Elles syner kartlegginga at det er lite kunnskap om lokal støy frå andre kjelder.


Vegtrafikk er den viktigaste kjelda til lokal luftforureining, og konsentrasjonane av luftforureining er venta å vera størst rundt dei mest trafikkerte vegane. Øygarden kommune har ikkje systematisk oversyn over luftkvaliteten i kommunen.

Fortetting og urbanisering kan skapa utfordringar knytt til både støy og luftforureining, særleg når bustader skal etablerast i område nær hovudvegnettet og kollektivknutepunkt.

Dei store næringsområda som til dømes Sture og Naturgassparken nord i kommunen, har som hovudregel eigen bered-

skap og rutinar knytt til m.a. forureining, støy, risiko og samfunnssikkerheit. Aktørane er pålagt av m.a. petroleumstilsynet og direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap å halde eit høgt nivå for helse, miljø og sikkerheit. Tiltak og etableringar er i stor grad styrt etter petroleumslova og energilova. Desse næringane er viktige for kommunen, men stiller også krav til at kommunen har god dialog med næringane for å sikre samordning og kjennskap til utfordringsbiletet.

Verksemndene i næringsparkane på Ågotnes og i Knarrvika driv i stor grad med konseksjonar frå Fylkesmannen i Vestland eller Miljødirektoratet, og vert følgt opp av desse med omsyn til utslepp, støy og liknande. Næringsparkane er også pålagt samordningsplikt med omsyn til helse, miljø og tryggleik. Bebruarane kring desse næringsparkane har ved fleire høve klaga på støy og lukt, og kommunen har jamleg dialog med fylkesmannen om dette.



Straume
Foto: Kjell Andersland

Vedtekne planar i Øygarden som kan møta utfordringar knytt til berekraftsmål #11;

Arealdelen til kommuneplanane i Fjell, Sund og Øygarden er styringsdokumenta for arealbruken i kommunen. Samordna areal- og transportplanlegging og bustadutvikling er viktige premissar for arealbruken. I tillegg finst vedtekne kommunedelplanar og områdereguleringar som går meir i detaljar på sentrumsutviklinga på Straume, Bildøyna, Ågotnes, Rongøy og i Skogsskiftet. Også samfunnsdelen til kommuneplanen i tidegare Øygarden og kommunedelplanen for bustadutvikling i Fjell peikar ut overordna arealstrategiar som fremjar god samanheng mellom bustadbygging og innbyggjarane sin tilgang på teneste-/fritidstilbod og sosial/fysisk infrastruktur. Kommune-ROS felles for Øygarden kommune har kartlagt risikobiletet, relevant for fleire av utfordringane som er trekt fram her.

Hjeltefjorden Arena, Rong
Foto: Kjell Andersland





Mål 16 Fred og rettferdighet

I Øygarden kommune finst det fleire innbyggjarar som opplever vald og mishandling

Samanlikna med landet og fylket er det færre anmeldte tilfelle av vald og mishandling i Øygarden kommune. Samstundes melder tenestene i kommunen at dei opplever ein auke i personar som oppsøker hjelp på grunn av vald og mishandling. Det er truleg store mørketal knytt til kor mange som opplever dette. For dei det gjeld, kan konsekvensane vera store. Risikoer er større for at ein fell utanfor utdanningsløp og arbeidsliv, og psykiske plagar som angst, depresjon eller posttraumatiske stressliding er vanleg. Vald og mishandling kan i verste fall føra til dødsfall.

Tenestene ser den sosiale gradienten også når det gjeld vald og mishandling. Personar med låg utdanning kan ha vanskar med å bryta ut av eit forhold med vald. Låg utdanning kan føra til at ein blir økonomisk

avhengig av partnaren. Mindre tilgang på sosial støtte og nettverk er også ei årsak til at det kan vera vanskeleg å bryta ut.

Det er fleire ungdomar i Øygarden kommune som ikkje har tilgang på sosial støtte

Det sosiale miljøet og nettverket har betydning for helsa vår, og mangel på sosial støtte kan medføra fysiske og psykiske lidningar. I Øygarden kommune er det fleire ungdomar som opplever einsemd samanlikna med landet og fylket. Samtidig har ein sett ein auke i mobbing på vidaregåande skule i perioden 2016-2017, medan trenden er motsett for resten av landet.

På gruppenivå er det systematiske forskjellar i kven som opplever manglande sosial støtte, og manglande trivsel på skule. Barn av foreldre med låg sosioøkonomisk bakgrunn har større risiko for å oppleva mangel på nettverk og støtte, og dermed også større risiko for å falle ut av utdanningsløpet. Ein slik systematisk forskjell er særskilt problematisk då barn ikkje har moglegheiter til å påverka sosioøkonomisk bakgrunn.

Det er frykteleg ubehageleg å mælda vald og overgrep. Me samarbeider med barneverntenesta, men terskelen for å melde vald og overgrep er høg, og mange går truleg under radaren. Det er vanskeleg når det ikkje er vårt fagfelt.

- Innspel frå tenesta

«Det er lett å bli inkludert i feil miljø om ein føler seg utanfor»

- Ungdomskulelev

Eit utval relevante planar som kan møta utfordringane knytt til bere-kraftsmål 16;

Kommunedelplanar

- ✓ Skule og utdanningsplan 2011-2014, kommunedelplan Fjell

Temaplanar, handlingsplanar og strategiar

- ✓ Handlingsplan for vald i nære relasjonar, 2012-2015, Sund
- ✓ Handlingsplan for betre samordning mellom tenestene i høve til å avdekke og hjelpe barn i akutte omsorgssituasjonar 2018, Fjell
- ✓ Helsetenester for flyktingar og asylsøkjarar 2010, Fjell



Kjelde: Elevundersøkinga




Foto: Colourbox

Demokrati

Informasjon om valdeltakinga i ein kommune seier noko om sosial deltaking og engasjement, samt om stoda til dei demokratiske verdiene i lokalsamfunnet. Resultat frå både tidlegare stortingsval og kommuneval syner at det er lokale variasjonar i valdeltaking. Tidlegare Øygarden kommune har vesentleg høgare valdeltaking enn landet og fylket, medan gamle Sund og Øygarden kommune har lågare valdeltaking.

Kommunestyret i Øygarden har høgt tal menn (over 70 prosent), få innvandrarar og ein låg del medlemmane under 30 år. Dei folkevalde utgjer såleis ikkje eit tverrsnitt av befolkninga.

Samansettinga i kommunestyret er eit uttrykk for såkalla representativt demokrati. Denne demokratiforma kan supplerast med direkte demokrati, eller deltakande demokrati. Bruk av deltakande demokrati føreset ein villa og aktiv politikk, der ein systematisk byggjer opp strukturar, rutinar og kultur for innbyggjardeltaking. Eit viktig kjenneteikn er at innbyggjarane gjennom ulike medverknadsmetodar deltek i utviklingsprosessar utanom dei ordinære politiske strukturane av folkevalde. Slik deltaking har som mål å

bidra til at innbyggjarar frå ulik bakgrunn og samfunnslag får likeverdige moglegheiter til å gje innspel og påverka politiske prioriteringar og vedtak.

Medborgarskap er også nytta som omgrep for å beskriva at befolkninga aktivt får delta i samfunnsutviklinga, engasjerer seg og bidra til å finna løysningar på dei utfordrингane eit nabolag, lokalmiljø eller felleskapet står overfor. Deltakande demokrati har samskaping og eigarskap som mål, og er kjenneteikna av prosesser der offentlege, private og frivillige partar inngår eit likeverdig samarbeid for å løysa samfunnsflokar og utfordringar på nye måtar. Ideen om deltakande demokrati ligg såleis tett på berekraftsmål 17, som set fokus på meir samarbeid og partnarskapsløysingar.

Øygarden kommune har mange aktive grendelag, nærmiljøutval, frivillige lag og organisasjonar som vert invitert inn i ulike typar plan- og utviklingsarbeid. Asker kommune, som i mange samanhengar vert nytta som føregangskommune når det gjeld integrering av berekraftsmål, har systematisert ideen om deltakande demokrati ved å etablira lokalsamfunnsutval. Utvala får tildelt oppgåver, og vert invitert til å komma med innspel til alle kommunale tenesteområde,



Ordførar Tom Georg Indrevik
Varaordførar Torill Selsvold Nybørg
Foto: Kjell Andersland

i kommuneplanprosessar, i arbeidet med handlingsprogram og i utvikling av alle relevante sektor- og temaplanar. Lokalsamfunnsutvala får også tildelt midlar som skal sikra lokalt handlingsrom og engasjement rundt tiltak som bidrar til identitetsskaping og lokalsamfunnsutvikling. Også kommunar som Fredrikstad, Øvre Eiker og Sandefjord har etablert lokalsamfunnsutval for å stimulera til auka deltaking og utviklingskraft i saker som angår lokalsamfunna.

Slike nærdemokratiske ordningar kan bidra til auka grad av samarbeid, samskaping, styrka medborgarskap og samfunnsdeltaking. Større innbyggarmedverknad og aktiv stadutvikling skapar inkluderande, helsefremmende og trygge lokalsamfunn. Gode og kjente strukturar for deltagande demokrati kan såleis styrka både enkeltmeneske, grupper og lokalsamfunna. God kjennskap til lokale forhold og innbyggjarane sine interesser vil også styrka det representative demokratiet og politikarane sitt grunnlag for gode kunnskapsbaserte vedtak.

Deltakande demokrati i praksis:

Innafor ramma av representativt demokrati kan ein delegere initiativ- og uttalerett og/eller myndigkeit i saker som angår lokalsamfunna. Evaluering av slike nærdemokrati-ordningar viser at dette bidrar til ei innbyggjarnær lokalsamfunnsutvikling, større lokalt engasjement, større deltaking, byggjer lokal identitet og auka samkjensla i arbeidet med å utvikla trygge lokalsamfunn.

I samband med kommunenesamslåingar prøver alle dei nordiske landa ut ulike former for nærdemokratiske ordningar. Dei fleste omfattar utval som representerer spesifikke geografiske områder i kommunen. I Danmark t.d. har ein etablert oppgåveutval, der målsettinga er å byggja bru mellom innbyggjarar og lokalpolitikarar.

Døme frå Norge, som Asker og Fredrikstad, praktiserer ei ordning med nærmiljøutval. Kommunane støttar utvala med nødvendige administrative funksjonar, ein dedikert personalressurs og møteromsfasilitetar. Lokalsamfunnsutvala vert også tildelt midlar (frå 50 000 til 500 000 kr) som skal sikra lokalt handlingsrom og engasjement rundt tiltak som bidrar til stadidentitet og lokalsamfunnsutvikling.

Eksempelkommunane har utarbeidd eige reglement for val av representantar til lokalsamfunnsutvala, og utvala si mynde og nødvendige rapporteringsrutinar. På generelt grunnlag har utvala brei representasjon og vert invitert til å gje innspel til alle tenesteområda i kommunen, til planprosessar og årshjulprosessar knytt til t.d. kommunane sitt handlingsprogram.

ØKONOMISK BEREKRAFT

Den økonomiske dimensjonen av berekraftig utvikling handlar om å sikra økonomisk tryggleik for menneske og samfunn. Aukande økonomiske forskjellar kan medføra risiko for konflikt og opprør, og kan også redusera tilliten i samfunnet – både mellom menneske og til myndigheter. Ei jamn fordeling av ressursar og trygg tilgang til gode offentlege tenester er viktige føresetnadar for eit fredeleg og rettferdig samfunn. Sjølv om ein ser ein auke i økonomiske ulikskap også i Noreg, er forskjellane likevel mindre her enn i dei fleste andre land. Relativt små forskjellar er positivt for økonomisk vekst, innovasjon og politisk stabilitet.

Økonomisk vekst er viktig for å skapa nye arbeidsplassar, og for å sikra skatteinntekter som kan dekka velferdstenester som skular og sjukehus. Veksten må vera berekraftig, slik at ressursane i verda ikkje vert øydelagte. Ved å bruka energi som ikkje forureinar og finna nye og smartare måtar å løysa utfordringar på, kan ein oppnå grønare økonomisk vekst.

I arbeidet med kunnskapsgrunnlaget har ein samla fire av berekraftsmåla under økonomisk berekraft:

- Mål 8 Anstendig arbeid og økonomisk vekst
- Mål 9 Innovasjon og infrastruktur
- Mål 10 Mindre ulikskap
- Mål 12 Berekraftig forbruk og produksjon



Mål 8 Anstendig arbeid og økonomisk vekst

Sysselsetting er ein viktig faktor i samfunnet. Å vera i arbeid er av stor verdi både for individet og for samfunnet elles. For den enkelte arbeidstakar er økonomisk tryggleik ein føresetnad for å leva eit godt liv. For næringslivet er arbeidstakarar viktige ressursar i arbeidet med å skapa verdiar og å driva fram nyskapningar og innovasjon.

I Staten sine forventningar til kommunal og regional planlegging 2019-2023 legg regjeringa mellom anna vekt på at kommunen må legga til rette for produksjon i eit grønt og berekraftig næringsliv, og vekst i sysselsetjing. Gjennom å legga til rette gode rammer for næringslivet kan kommunen stimulera til vekst og utvikling. Mange kommunar har som mål å vera aktive samfunnsutviklarar. For å lykkast i dette må kommunen evna å kopla saman ulike sektorområde, og ha eit heilskapleg og langsigkt grep på arbeidet. Samstundes fordrar dette samskaping og evne til aktivt å spela på lag med innbyggjarar og lokalt næringsliv.

Eit utval relevante planar som kan møta utfordringane knytt til berekraftsmål 8;

Kommuneplanar

- ✓ Samfunnsdel av kommuneplanen, Sund
- ✓ Samfunnsdelen av kommuneplanen, Øygarden
- ✓ Arealdelen til kommuneplanen i Fjell, Sund og Øygarden

Kommunedelplanar

- ✓ Samfunnsdel av kommuneplanen, Sund
- ✓ Samfunnsdelen av kommuneplanen, Øygarden
- ✓ Arealdelen til kommuneplanen i Fjell, Sund og Øygarden

Temoplanar, handlingsplanar og strategiar

- ✓ Strategisk næringsplan for Fjell 2004-2007
- ✓ Landbruksplan Sund og Øygarden

I 2017 føretok Telemarksforsking ei gjennomgang av næringsutviklinga sin plass i kommunale planar i Fjell, Os, Lindås og Meland (Byregionprogrammet). Ein av hovudkonklusjonane var at kommunane i større grad har teke rolla som tilretteleggjar av areal for forventa vekst i næringslivet, enn aktivt å stimulera til vekst. Tilretteleggjarrolla fungera godt så lenge næringslivet vekst, men når den nasjonale og regionale veksten stoppar opp, er det behov for meir aktive næringsstrategiar. Ei aktiv næringsutviklarrolle vil krevja god kommunikasjon og tillit mellom kommune og næringsliv, slik at tiltaka verkar mobiliserande. Dette krev igjen at kommunen skapar og fasilitetar møteplassar med god dialog mellom kommune, næringsliv og potensielle etablerarar.


Pr. dato har Øygarden ikkje sett av eigne administrative ressursar til å arbeide med strategisk næringsutvikling, men det pågår ein prosess for å oppretta eit eige næringsutviklingsselskap (kommunalt føretak). I den krisa som arbeidsmarknaden står i no, vil det vera stort behov for kommunen som pådrivar til strategisk samarbeid med næringslivet.

Arbeidsmarknaden i Øygarden er sårbar for svingingar

Dei fleste kommunar, inklusive Øygarden, har ambisjon om å veksa. Ei analyse av næringsutviklinga i Fjell i perioden mellom 2000 og 2015 syner at den relative veksten i tal arbeidsplassar fram til 2015 var svært høg, både i privat og offentleg sektor. Dette gjaldt også for Sund og Øygarden (Telemarksforsking). Veksten var særleg høg i privat sektor, der t.d. Fjell kommune auka tal arbeidsplassar med 84 prosent meir enn landssnittet.

Frå 2015 til 2018 har det vore ein svak nedgang i tal arbeidsplassar i nye Øygarden kommune (1 prosent). Dette skuldas hovedsakleg konjunkturedgang i olje-/gassnæringane og relatert industri.

Dei tre tidlegare kommunane opplevde ei dramatisk auke i arbeidsløysa i etterkant av oljekrisa. Det var særleg unge menn under 30 år som vart ramma. Arbeidsplassar i olje/gassnæringa utgjer ein stor del av arbeidsplassane totalt i kommunen. Av tidlegare erfaring veit ein at dette er ei næring som er utsett for svingingar. Ei overvekt av arbeidsplassar innanfor desse områda, representerer ei klar sårbarheit for Øygarden.




CCB, Ågotnes
Foto: Kjell Andersland


Ei undersøking gjennomført av Menon i 2015 viser at dei petromaritime næringane i tidlegare Fjell kommune har stått for 65 prosent av verdiskapinga. Bygg- og anlegg har stått for ti prosent, og anna næring, inklusive handel, for 25 prosent av verdiskapinga i kommunen. I tidlegare Fjell, men også nye Øygarden, er verdiskapinga og dermed innbyggjarane si økonomiske velferdsutvikling, svært sårbar for konjunktursvingingar. T.d. viser Telemarksforskning si undersøking at Fjell vart mindre attraktiv for næringslivet frå 2015, og at fallande attraktivitet i hovudsak er knytt til strukturendringar og tap av arbeidsplassar i oljenæringerne.

Det at næringsstrukturen i Øygarden kommune er prega av mykje industri og transport utgjer også ein auka fare for ulykker. I felles kommune-Ros som vart utarbeida for dei tre tidlegare kommunane i 2018, er stor industriulykke trekt fram som ein trussel.

Figur: Næringsfordelt verdiskaping i Fjell mellom 2004-2012



kjelde Menon-rapport 11/2015



Kjelde: Statistikk i vest.



Høge kompetansekrav i arbeidsmarknaden bidrar til utanforskap for utsette grupper

Utdanningsnivået i kommunen er lågare enn i resten av landet, men krava til kompetanse i arbeidslivet er høgare enn tidlegare, og det er vanskelegare å få seg jobb utan fullført utdanning. Vaksne utan fullført utdanning er spesielt sårbarer.

Personar som er arbeidsledige er ei utsett gruppe, både økonomisk, sosialt og helsemessig. Det å stå utanfor arbeidslivet kan medføra dårleg psykisk helse og mindre sunne levevanar enn personar som er i arbeid. Talet på ungdommar i Øygarden kommune som ikkje er arbeid, under opplæring eller utdanning er varierande, men hausten 2019 rapporterte tenestene om at dette gjaldt mellom 35 og 40 ungdommar i Fjell kommune. Kommunen har over tid hatt høgare fråfallsprosent enn landet og fylket, sjølv om denne har betra seg dei siste åra etter målretta innsats.

Øygarden kommune har fleire uføretrygda, og fleire sosialhjelppsmottakarar enn i fylket og landet elles. Delen av alderspensjonistar er aukande, noko som heng saman med aukande del eldre. Samstundes er det lite auke i delen unge alderspensjonistar (62-66 år), noko som kan tyda på at folk står lenger i arbeid før dei pensjonerer seg.

Målet om full og produktiv sysselsetting er relevant både nasjonalt og lokalt. Demografiske endringar med eldre som lev lengre, samtidig som fleire unge fell utanfor arbeidslivet krev handling. Dersom ein skal sikra ei berekraftig utvikling må flest mogleg ha tilgang til anstendig arbeid, og slik sett verta viktige bidragsytarar i samfunnet.

Kommunane har eit særleg samfunnsansvar som offentleg aktør til å bruka sine verke midlar for å bidra til berekraftig utvikling, eksempelvis gjennom å stilla krav til læringsplassar, universell utforming og inkluderande arbeidsliv gjennom anskaffings prosessar. Kommunen bør også gå føre med eit godt eksempel når det gjeld å jobba for heiltidskultur.

Vedtekne planar i Øygarden som kan møta utfordringar knytt til berekraftsmål 8:

Arealdelen til kommuneplanane i Fjell, Sund og Øygarden skal sikra tilstrekkeleg areal til næringsformål; både på kort og lang sikt. Areal til handel vert ivaretake gjennom kommunedelplanar og planar for sentrumsutvikling på Straume, Bildøyna, Ågotnes, Skogsskiftet og Rong . Per dag dato finst det ferdigregulerte planar for næring og handel som ikkje er tekne i bruk.




Foto: Colourbox



Mål 9 Innovasjon og infrastruktur

Demografiske endringar krev at ein tenker nytt

Aukande sentralisering og endringar i alders- og familiesamansetting er faktorar som mellom anna påverkar transportbehovet i kommunen. Tilgang til sosiale møteplassar og moglegheita til å skapa og oppretthalda sosiale relasjonar er viktig for folkehelsa, og i samtal med innbyggjarar blir dette trekt fram som svært viktig for å kunne leva eit godt liv. Korleis kommunen legg til rette for transport og kommunikasjon kan påverka i kva grad innbyggjarane har tilgang på både sosiale relasjonar og offentlege godar og ressursar. Transportbehov og mangel på tilgang til offentleg transport har blitt trekt fram som ein gjennomgående utfordring i fleire av tenesteområda, og i samtale med innbyggjarar.

Samstundes kan ein sjå at vegtrafikk i stor grad bidrar til klimagassutslepp, lokal luftforureining og støy, og meir av det same ein har i dag er ikkje nødvendigvis det beste

svaret på transportbehovet i framtida. Nye og innovative løysingar må til for å løysa behovet for mobilitet utan at det går ut over omsynet til klima og miljø. Kartlegging av potensiale for å hente ut større effekt av eksisterande tiltak gjennom betre tverrfagleg samhandling blir også avgjerande. Samhandling vil her gjera seg gjeldande både internt i kommunen som organisasjon og eksternt med regionale samarbeidspartar.

Aukande del eldre og færre hender i arbeid utfordrar berekraftig velferd

Delen eldre er aukande, og fram mot 2040 er det venta at talet på eldre over 80 år blir tre gongar så høgt som i dag. Ein stor del eldre over 80 år har behov for tenester, og behovet for arbeidskraft som yter tenester til denne gruppa er venta å auka. Samstundes er det ikkje venta ei like stor auke i talet på unge framover.

Einsemld blant eldre er ei utfordring for folkehelsa. Når kommunen opplever ein auke i tal eldre i befolkninga, samstundes som at fleire fortel at dei har utfordringar med å koma seg ut for å møta familie og vene, utfordrar dette både sosial og økonomisk berekraft for kommunen. Slike samfunnsflokar krev samskaping og innovasjon

Sosial omsorg er viktig for meg for at eg skal trivast (...). Eg er i dag avhengig av privat skyss for at eg skal kome meg på arrangement i kommunen. Det burde vore ein buss som kunne køyrd i nærområda for å henta deltakarar til ulike aktivitetar.

- Innspel frå heimebuande eldre

Eit utval relevante planar som kan møta utfordringane knytt til berekraftsmål 9;

Kommunedelplanar

- ✓ Kommunedelplan for Trafiksikring 2017-2020 Fjell
- ✓ Kommunedelplan for Trafiksikring 2015-2025, Sund
- ✓ Kommunedelplan for Trafiksikring 2019-2022, Øygarden
- ✓ Kommunedelplan Energi- og klimaplan 2011-2016, Øygarden

Temaplanar, handlingsplanar og strategiar

- ✓ Sykkelstrategi 2015-2018, Fjell
- ✓ Handlingsplan for energi, miljø og klima 2018-2020, Fjell

frå fleire aktørar – både offentlege, næringslivet og sivilsamfunnet. Korleis kan ein ta i bruk innovasjon og teknologi for å møta desse utfordringane? Kva moglegheiter finst det, og korleis kan ein leggja til rette for eit meir aldersvenleg samfunn der eldre vert sjølvstendige, aktive og trygge innbyggjarar? Innanfor omsorg er det jobba over tid for å møta denne utfordringa, blant anna gjennom aktiv bruk av velferdsteknologi. Både institusjonar som Øygarden lokalmedisinske senter, samt heimetenesta, nyttar seg av velferdsteknologi for å levera gode tenester til innbyggjarane. Bruk av velferdsteknologi bidrar til at velferdstenester kan driftast på ein effektiv måte, òg til auka pasientsikkerheit. Eksempelvis kan ein førebyggja fall ved ulike sensorar og lysstyring, samt sikra rask varsling ved eventuelle fall. Digitalisering av medisinutlevering vil også redusera faren for menneskelege feil og bidra til auka pasientsikkerheit.

Vedtekne planar i Øygarden som kan møta utfordringar knytt til berekraftsmål 9:

Arealdelen til kommuneplanen i Fjell, Sund og Øygarden er viktige styringsdokument for å sikra eit berekraftig utbyggingsmønster. Gjennom samordna areal- og transportplanlegging er målet betre bu- og bamiljø, betre tilgang på tenester, færre bilreiser og reduserte klimautslapp. Samlokalisering av formål, til dømes ved at bustadområde ligg tett på arbeidsplassar, skule, handel og fritidsaktivitetar, bidreg til redusert behov for bil- og kollektivtransport og fremmar sykkel og gange.

Spreidd utbyggingsmønster, saman med stor vekst, gjer det vanskeleg å sikra kvalitetar i bustadområda. Til dømes vert det kostbart å etablera sosial og fysisk infrastruktur, transport og liknande ved spreidd utbyggingsmønster.

Arbeidet med sykkelstrategi i tidlegare Fjell kommune gir grunnlag for prioritering og planlegging av tiltak for å betra tilhøva for syklande. Eit viktig mål er at fleire skal velja sykkel framfor bil. Dette er også viktig av omsyn til trafikksikkerheit, bukvalitet og folkehelse




Foto: Colourbox



Mål 10 Mindre ulikskap

Helsa til innbyggjarane i Øygarden kommune er ikkje rettferdig fordelt i befolkninga

Gjennomsnittleg inntekt i Øygarden kommune er høg samanlikna med fylket og landet, og ein finn også mindre økonomisk ulikskap i vår kommune. Samstundes viser statistikken at innbyggjarane i Øygarden har høgare gjeldsgrad, og føler seg fattigare enn i resten av Hordaland. Høg gjeldsgrad kan utgjera ein risiko for mange hushald i eventuelle framtidige nedgangstider. Kommunen har også ein større del uføre og sosialhjelpsmottakarar enn i landet elles.

Utdanning og inntekt påverkar helse og helsevanar, og dannar ein sosial gradient i befolkninga. Jo høgare utdanning og/eller inntekt, jo betre helse. Denne samanhengen er godt kjent, og utjamning av sosiale helseforskjellar har hatt tverrpolitisk forankring gjennom lang tid.

Til trass for at inntekta i befolkninga i

Øygarden er høg, er utdanningsnivået lågare enn lands- og fylkessnitt. Dette kan forklara funn om utfordringar knytt til levevanar, som til dømes därlegare kosthald, mindre fysisk aktivitet, høg forekomst av psykiske lidinger og høg del med livsstilsjukdomar.

Lågt utdanningsnivå i befolkninga i Øygarden bidrar til å oppretthalda sosial ulikskap

For å sikra at innbyggjarane får tilgang til inntekt og dermed også tilgang på god helse og livskvalitet er det avgjerande med utdanning. Sjølv om Øygarden kommune har fleire med høg inntekt samanlikna med landet og fylket, er utdanningsnivået lågare, også blant unge. Kommunen har ein utfordring knytt til fråfall i vidaregåande skule, samt mange uføre og sosialhjelpsmottakarar.

Sjølv om Noreg har eit samfunn som legg opp til sosial mobilitet gjennom blant anna gratis utdanning, er det framleis systematiske forskjellar knytt til sosioøkonomisk status. Ungdom som har foreldre med lågare utdanningsnivå har større risiko for å droppa ut av vidaregåande skule. Folkehelsekartlegginga i Øygarden kommune syner at også i vår kommune kan ein sjå desse forskjellane. Barn frå låginnntektsfamiliar er overrepresenterte i gruppa

Me har ofte fokus på emosjonell omsorg og grensesetting. Men me ser at dette er nesten umogleg å jobba med dersom folk ikkje har råd til mat, eller dersom nokon ikkje har råd til bleie og bytteklede. Eller om dei bur i ei ronne – då er det litt rart å snakka om emosjonell støtte og foreldrestil.

- Innspel frå teneste

Eit utval relevante planar som kan møta utfordringane knytt til berekraftsmål 10;

Kommunedelplanar

- ✓ Kommunedelplan for Trafikk-sikring 2017-2020 Fjell
- ✓ Kommunedelplan for Trafikk-sikring 2015-2025, Sund
- ✓ Kommunedelplan for Trafikk-sikring 2019-2022, Øygarden
- ✓ Kommunedelplan Energi- og klimaplan 2011-2016, Øygarden
- ✓ Kommunedelplan for bustadutvikling, 2013-2020, Fjell

Temaplanar, handlingsplanar og strategiar

- ✓ Sykkelstrategi 2015-2018, Fjell
- ✓ Handlingsplan for energi, miljø og klima 2018-2020, Fjell

barn som har vanskar på skulen. Eit særleg interessant funn er at desse forskjellane vert observert allereie i barnehage.

Vedtekne planar i Øygarden som kan møta utfordringar knytt til berekraftsmål #10:

Utfordringane skissert ovafor heng tett saman med utfordringar knytt til utdanning. For å førebyggja utanforskap som følgje av fråfall i skule og lågt utdanningsnivå, treng ein gode utdanningsinstitusjonar som jobbar målretta for at ungdom skal fullföra vidaregåande opplæring. Vidare er det naudsynt med samarbeid på tvers av ulike sektorar. Næringslivet vil til dømes ha god innsikt i kva for kompetanse arbeidsmarknaden treng no og i tida som kjem. Ein god dialog mellom utdanningsinstitusjon, kommune og næringsliv vil såleis kunna syta for at ein utdanner ungdom innanfor aktuelle fag som gjer at dei får seg arbeid etter fullfört utdanning. Dette viser også betydinga av å jobba saman, og at samskaping er ein premissleverandør for å nå FN sine berekraftsmål.




Foto: Colourbox



Mål 12 Berekraftig forbruk og produksjon

Kommunen sin moglegheit til å fremja ansvarleg forbruk og produksjon

Berekraftsmål #12 handlar om å oppnå ei berekraftig forvaltning og effektiv bruk av naturressursar. Eksempelvis handlar det om korleis hushaldingar handterer matavfall, og korleis kommunen gjennom innkjøp og offentleg anskaffingar har moglegheit til å fremja berekraftig utvikling. Samstundes er det mangefull informasjon på lokalt nivå omkring matsvinn og bevisstheit kring dette.

ØYvar opplever ein auke i levering av farleg avfall frå hushaldingar. Dette kan indikera ein større bevisstheit kring miljøpåverknad og berekraftig utvikling i kommunen.

Kommunen har ein moglegheit til å fremja berekraftig utvikling gjennom innkjøp og offentleg anskaffingar, der ein legg vekt på både sosial, miljømessig og økonomisk berekraft gjennom anbodsprosesser. For å sikra at kommunen sitt samfunnsansvar vert

ivaretatt, kan kommunen til dømes både stilla klimakrav, sikra gode arbeidsforhold for leverandørar og underleverandørar, og stimulera til lærlingordningar ved å stilla krav til dette i anskaffingsprosesser.

Eit utval relevante planar som kan møta utfordringane knytt til berekraftsmål 12;

Kommuneplanar

- ✓ Arealdelen til kommuneplanen Fjell, Sund og Øygarden

Kommunedelplanar

- ✓ Kommunedelplan Energi- og klimaplan 2011-2016, Øygarden

Temaplanar, handlingsplanar og strategiar

- ✓ Handlingsplan for energi, miljø og klima 2018-2020, Fjell
- ✓ Temaplan for avfall 2017-2025



Straume Panorama
Foto: Kjell Andersland

ØKOLOGISK BEREKRAFT

Miljø- og klimadimensjonen handlar om samfunnet si evne til å ta vare på naturen og klimaet som ein fornybar ressurs for menneske – både for dagens generasjon og for framtidige generasjoner. Klimagassutsleppa representerer i dag ein stor trussel mot berekraftig utvikling, og krev rask innsats for å unngå alvorlege klimaendringar som fører til naturkatastrofar, forvitring av næringsgrunnlag og øydelegging av økosystem.

I arbeidet med kunnskapsgrunnlaget har ein samla 5 av berekraftsmål under økologisk berekraft;

- Mål 6 Reint vann og gode sanitærforhold
- Mål 7 Rein energi til alle
- Mål 13 Stoppe klimaendringar
- Mål 14 Liv under vatn
- Mål 15 Liv på land



Mål 6 Reint vann og gode sanitærforhold

Ikkje alle husstandar i Øygarden kommune har vatn av tilfredsstillande kvalitet

Dei offentlege vassverka i kommunen har god vasskvalitet og leveringsstabilitet, men ikkje alle innbyggjarane i kommunen har tilgang til kommunalt vatn. Rundt seks prosent av befolkninga i tidlegare Fjell, fire prosent i tidlegare Øygarden, og om lag 17 prosent i tidlegare Sund er ikkje tilknytt offentleg vassverk. Private vassverk har til dømes ikkje dei same rutinane knytt til prøvetaking, som kan avdekka forureining i vatnet. Prøvar tatt av private brønnar og liknande viser ofte at vatnet ikkje er av tilfredsstillande kvalitet, og har ofte høgt innhald av bakteriar.

Forureining, dumping av avfall, utslepp av farlege kjemikaliar og material kan utgjera ein trugsel for vasskvaliteten. Det er difor viktig å verna om areala rundt nedslagsfeltet til drikkevasskjeldene i kommunen. Røyr-systemet i kommunen er høvesvis nytt og av god kvalitet, men på grunn av høgeforskellar i landskapet som fører til trykk-

Eit utval relevante planar som kan møta utfordringane knytt til berekraftsmål 6;

Kommuneplanar

- ✓ Arealdelen til kommuneplanen Fjell, Sund og Øygarden

Kommunedelplanar

- ✓ Kommunedelplan for vassforsyning og avlaup/ vassmiljø 2011 - 2022, Fjell
- ✓ Kommunedelplan vassmiljø, vassforsyning og avlaup, Sund

Temaplanar, handlingsplanar og strategiar

- ✓ Hovudplan for vassforsyning, Øygarden
- ✓ Hovudplan for avlaup Øygarden
- ✓ VA-norm
- ✓ Kontrollplan for vass- og avlaupsanlegg større enn 50 PE, Fjell
- ✓ Regional vassplan Fjell
- ✓ Avfallsplan for småbåthamnar i Fjell


forskjell, er røyra noko utsett for lekkasjar. ØyVAR jobbar kontinuerleg med å tetta lekkasjar som oppstår i vassrøyr, både for å unngå forureining av drikkevatnet, men også for å unngå å løsa med vassressursar. I følgje ØyVAR ligg Øygarden kommune blant dei beste kommunane i landet når det gjeld lekkasjetap, men seier sjølv at dette er noko som må ha høgt fokus framover også.

Øygarden kommune har ikkje god nok sikkerheit i vassforsyninga

I utgangspunktet skal kommunen ha dobbel vassforsyning, dersom eit vassverk fell ut. Slik situasjonen er i dag tilfredsstiller ikkje kommunen krava i drikkevassforskrifta til sikkerheit i vassforsyninga. Totalt er det i den nye kommunen fem vassverk, (Kørelen, Bildevatn, Fjæreide, Blomvåg og Alvheim). Fire av desse vil kunne levever nok vatn dersom eit av dei andre vassverka går ut av produksjon. Mellom tidlegare Sund og Fjell er det per i dag ikkje noko forbindelse, og i den nordre delen av Øygarden kommune er det for dårlig overføringskapasitet. Dermed blir ikkje produksjonskapasiteten til dei einskilde vassverka fullt utnytta. Dei to største vasskjeldene (Kørelen lengst sør og Alvheim lengst nord) manglar forsyningsmoglegheiter høvesvis nordover og

sørover. For drikkevasskjelda Kørelen er det gjennom ROS-arbeid avdekkat særskilt vegstrekninga «Tveitasvingane» utgjer ei fare for drikkevasskjelda. Dette fordi tungtransport med kjemikalielast passerer her, i tillegg til all personbiltrafikk til Sund - vest. ROS-analysen har også vist at terskel mot sjøvatn er svært låg på eit kritisk punkt i vest, og at drikkevasskjelda potensielt kan øydeleggjast ved havnivåstigning om ikkje avhjelpande tiltak vert sett inn.

ØyVAR er i gang med ROS for heile kommunen med tanke på sikkerheit i vassforsyninga, der dei mellom anna ser på kjelde- og overføringskapasitet, kvaliteten på kjelda og drikkevatnet, tiltak for sikker vasslevering, redundans/dersom eit vassverk går ut, kritisk infrastruktur, sårbare abonnentar, og tilhøve til kommunedelplanar og reguleringsplanar. Sikring av vassforsyninga vil vera ei viktig oppgåve å prioritera framover.



Fjellsassdraget
Foto: Kjell Andersland



Mål 7 Rein energi til alle

Rein energi for alle fordrar eit næringsliv i omstilling

På globalt nivå aukar energiforbruket, samstundes som delen av fornybar energi går opp. Det er særleg innanfor elektrisitetssektoren at veksten i fornybar energi skjer, og då i hovudsak basert på sol- og vindkraft. FN viser til at elektrisitet utgjer om lag 20 prosent av energiforbruket globalt sett, medan dei resterande 80 prosent er knytt til varmeproduksjon og transport. Dette er sektorar som i stor grad er dominert av fossil energi, og det er særleg her det må skje ein endring dersom ein globalt sett skal oppnå ei berekraftig utvikling.

I Noreg har innbyggjarane både trygg og universell tilgang til moderne energi, og Noreg er det einaste landet i EØS-området som er netto-eksportør av energi. I rapporteringa på berekraftsmåla i 2019 vert det difor vist til at om lag alle måla innanfor rein energi er oppfylt i Noreg.

I Øygarden kommune har ein mykje olje- og gassrelatert næring, og næringslivet er i om-

stillingsprosess. I det vidare arbeidet med planstrategi og samfunnsplan vil det vera behov for å utgreia lokale forhold.

I Handlingsplan for energi, miljø og klima 2018-2020 (Fjell) vert det vist til at energieffektivisering er det enkleste og rimelegaste klimatiltaket for å kutta utslepp av klimagassar. Energieffektivisering i bygg bidreg til å redusera behovet for ny kraftproduksjon og erstattar ofte forureinande energikjelder. Betre styring og tilpassing av energiforbruk gjennom til dømes sentrale driftskontrollanlegg (SD-anlegg), kan vera eit viktig tiltak for å få til energieffektivisering. Kommunedelplanen for tidlegare Øygarden peikar på tilsvarende strategi.

Vedtekne planar i Øygarden som kan møta utfordringar knytt til berekraftsmål 7:

Kommunen har ingen særskilte planar som omhandlar omstilling av næringslivet i Fjell. Handlingsplanen for energi, miljø og klima i tidlegare Fjell og Øygarden, peikar blant anna på moglegheitene kommunane har til å setta rein energi på agendaen, eksempelvis gjennom anbodsrundar og/eller ved byggje- og rehabiliteringsprosjekt.

Når det gjeld rein energi knytt til eigne kommunale bygg er klimaplanar naturleg nok relevante planar.



Ved Ekrhovda
Foto: Kjell Andersland



Mål 13 Stoppe klimaendringane

Befolkinga i Noreg har generelt god helse, og kan slik sett seiast å vera relativt godt rusta for å takla verknader av klimaendringar. Likevel vert folkehelsa i stor grad påverka av klimaendringar, der ein ser at meir nedbør, hetebølgjer og tørkeperiodar får betydning for helsa vår.

Ein auke i temperatur og nedbør kan gje fleire konsekvensar for helsa både på globalt og nasjonalt nivå. På globalt nivå kan ein få ein auke i smitteberarar og sjukdomar som kjem frå infisert mat og vatn. Også i Noreg kan sjukdomar som ein tidlegare har hatt få eller ingen tilfelle av verta vanlegare. Samstundes kan allereie kjente skadedyr som flått få større utbreiing. Eit meir fuktig klima, saman med auke i CO₂ utslepp, kan gje luftvegs- og allergiplager for mange. Ein kan også risikere auke i miljøgifter i fisk og skalldyr som eit resultat av smeltande is i Arktis.

Klimaendringar trugar også folkehelsa ved auke risiko for naturkatastrofar. Dei siste åra har Noreg opplevd fleire flaum- og rasepisodar som har medført både skade og død. Ein tørke medfører også auka risiko for brann, som ein nyleg har sett i Australia. Store naturkatastrofar er både ein direkte trussel for liv og helse ved at menneske vert skada eller dør ved flaum, ras og brann. Samstundes utgjer det ein indirekte fare ved at verdifull matjord og skogareal går tapt.

Sund, Fjell og tidlegare Øygarden fekk i 2018 utarbeida ein felles kommune-ROS, som tek for seg risikoene for at ulike hendingar skal skje. Når det gjeld risikofaktorar som kan påverka liv og helse er ein del av dei viktigaste risikofaktorane knytt til værfordring.

Med bakgrunn i klimaframskrivningar er det auka nedbør og hyppigare og kraftigare periodar med styrtegn som peikar seg ut som ei særskilt utfordring for Øygarden kommune. Fjell kommune har kartlagt utbygde område og område som ligg med arealformål bustad, med tanke på om dei er utsett for flaum og overvassproblematikk. Kartlegginga peikar på behovet for å gjera problematikken kjend. Ansvaret for opp-

Eit utval relevante planar som kan møta utfordringane knytt til berekraftsmål 13;

Kommuneplanar

- ✓ Arealdelen til kommuneplanen Fjell, Sund og Øygarden

Kommunedelplanar

- ✓ Kommunedelplan Energi- og klimaplan 2011-2016, Øygarden

Temaplanar, handlingsplanar og strategiar

- ✓ Handlingsplan for energi, miljø og klima 2018-2020, Fjell
- ✓ Overvassnorm

følging er delt og ligg både på offentlege og private partar. På dette området er det behov for å styrke kunnskapen i dei øvrige delane av kommunen, samt arbeide ut strategiar og rutinar for oppfølging og informasjon om ansvarsdeling. Eit døme på grep som er gjort er at ein stiller sterkare krav til utreiingar ved utarbeidning av arealplanar, og blå-grøne verdiar har fått styrkt fokus.

Stort transportbehov, næringsstruktur/ arbeidsmarknad og arealdisponeringa i kommunen bidrar til klimagassutslepp

Ved bruk av verktøy som arealforvaltning og overordna planlegging har kommunen moglegheit til å påverka energiforbruk og klimagassutslepp i lang tid framover. Tilrettelegging for kollektivtransport, gange og sykkel som gir redusert behov for privatbilisme er slik sett eit viktig grep, saman med busettingsmønster.

Lange avstandar gjer det naudsynt med transport for å komma seg til jobb, fritidsaktivitetar m.m. Geografien i kommunen gjer det samstundes krevjande å bruka miljøvennlege alternativ til biltransport. Vidare bidrar nedbygging av verdifulle areal til auka klimagassutslepp (t.d. skog, myr). Næringsstrukturen i kommunen er dominert av

utsleppstunge næringer (olje, gass). Det er mykje pendling ut av kommunen, og generelt mykje biltrafikk. Plassering og tilgang til fritidstilbod, service og tenester påverkar også transportbehovet. Høg trafikk både fra innbyggjarar og næringslivet utgjer også ein risiko knytt til trafikkulukker. Dette kjem også fram i felles kommune-ROS som vart utarbeida i 2018 for dei tre tidlegare kommunane.

Vedtekne planar i Øygarden som kan møta utfordringar knytt til berekraftsmål #13;

Samordna areal og transportplanlegging og arealdelen til kommuneplanane for Fjell, Sund og Øygarden er viktige styringsreiskap for å redusera transportbehovet og klimagassutslepp. Som vist under drøftinga av bustadmønster i berekraftsmål 11, vil spreidd bustadbygging medføra ein auke i bruk av personbil, og slik sett også ein auke i klimagassutslepp.



Foto: Colourbox



Mål 14 Liv under vatn


Havet er ein viktig ressurs for menneske og verda, og er også ein stor del av identiteten til kystkommunen Øygarden. Det har skapt mange arbeidsplassar opp gjennom historia i dei tre tidlegare kommunane, og er ei viktig kjelde til mat og næring. Kyst- og havregionar utgjer også det største økosystemet jorda har, og dekkjer meir enn to tredjedelar av overflata på jordkloden. Tilgang til havet, kyst- og strandlinje er ei kjelde til rekreasjon og livskvalitet, og slik sett ein verdifull ressurs for helsa vår.

For å oppnå ei berekraftig utvikling må ein bevara og bruke hav og marine ressursar på ein måte som fremjar berekraftig utvikling. Dette handlar i stor grad om å redusera alle formar for havforureining, særleg frå landbasert verksemd, og å forvalte og verne økosistema i havet og langskysten på ein slik måte at ein unngår omfattande skadeverknader.

Øygarden kommune er særleg utsett for maritim forsøpling

I 2017 stranda ein gásenebbkval på Vindeenes i Fjell kommune, og vart avliva. Etter at forskarar fann store mengder plast i magen på kvalen, fekk den kallenamnet plastkvalen. Dette funnet fekk stor merksemd både nasjonalt og internasjonalt, og sette fokus på maritim forsøpling både som eit globalt, nasjonalt og lokalt problem. Mange har teke til orde for forbod mot plastposar og regulering av bruken av plast. Her må Noreg følgje EU sitt direktiv for bruk av lette plastposar og vedvarande reduksjon i bruk av plastbereposar. I Noreg skal ein oppnå dette gjennom avgift på plastbereposar, og handelsnæringa gjennomførte sjølv ei avgiftsauke på 50 øre frå januar 2018. Inntekta fra avgifta skal nyttast til tiltak for å redusera bruk av plastposar blant befolkninga.

Med omsyn til den geografiske plasseringa er Øygarden kommune særskilt utsett for maritim forsøpling. I arbeidet med Regional vassforvaltningsplan Hordaland og Sogn og fjordane 2022-2027 vart det påpeika at dei tre tidlegare kommunane har betydeleg meir plast enn mange andre områder – truleg opp mot åtte gangar meir plastavfall per kilometer kystline enn snittet på verds-



Planstkvalen

basis. For å få bukt med maritim forsøpling er det naudsynt med vidare innsats knytt til dette. Dette gjeld både kunnskap om korleis mikroplast vert spreidd, men også korleis plast påverkar næringskjeda og dermed også helsa vår.

Sjølv om løysingar på maritim forsøpling først og fremst må skje på globalt og nasjonalt nivå, vil det vera viktig å leggja til rette for krefter lokalt. I Øygarden har både frivilige og næringslivet bidrege til rydding av hav og strender, og BOF (Bergen og omland friluftsråd) og ØyVAR har koordinert arbeidet blant anna gjennom statlege tilskotsordningar. Kommunen si rolle ligg først og fremst i å vera ein støttespelar, og å stå for sakshandsaming.

Vasskvalitet

Reint vatn er viktig for fleire viktige områder i vår kommune. Forutan å vera ei viktig kjelde til god helse blant innbyggjarar, er det også naudsynt for næringslivet i kommunen. Både industri, fiskeri og havbruksnæring er avhengig av rett og god vassforsyning. Vatnet vil også vera viktig for reiseliv, friluftsliv og rekreasjon.

Vassforskrifta (forskrift om rammer for vannforvaltningen) trådde i kraft 1. 2007 og innførte EU sitt vassdirektiv i norsk vassforvalting. Det er utarbeida regional plan for vassregion Hordaland som kommunane Fjell, Sund og Øygarden er del av, og som inneheldt vassførekomstar med klassifisering av økologisk tilstand og ei lang rekke tiltak for å oppnå miljømålet «god økologisk tilstand». Planen er under rullering som Regional plan for vassregion Vestland. I dette arbeidet er følgjande hovudutfordringar identifisert i vassområde vest:

- Avrenning frå massetipper (landbruk, skytebanar) og i samband med utbygging av nye bustadfelt og vegprosjekt (Sotrasambandet)
- Landsbruksavrenning (særleg frå sauehald og hestesport)
- Sund sårbar sjøresipient (Austefjorden) for utslepp av avløpsvatn

Akvakultur

Trafikklysreguleringa for akvakultur skal sørge for føreseieleg og berekraftig vekst for oppdrettsnæringa. Ved førre oppdatering av sonene for trafikkregulering, i februar 2020, vart Øygarden kommune del av to ulike soner - gult og raudt. Gul sone indikerer at

Eit utval relevante planar som kan møta utfordringane knytt til berekraftsmål 14 og 15;

Kommuneplanar

- ✓ Arealdelen til kommuneplanen Fjell, Sund og Øygarden

Temaplanar, handlingsplanar og strategiar

- ✓ Landbruksplan 2016-2020 Sund
- ✓ Landbruksplan 2010-2014 Øygarden
- ✓ Handlingsplan for energi, miljø og klima 2018-2020

det ikkje er høve til utvida vekst, medan raud sone betyr at produksjonskapasiteten må reduserast. Heile Sotra ligg i gul sone, medan Toftøy og nordover ligg i raud sone.

Vedtekne planar i Øygarden som kan møta utfordringar knytt til berekraftsmål 14;

Arealdelen til kommuneplanen regulerer formål og bruk av sjøområda, og sikrar areal til både næring og rekreasjon. Kjennskapen til ressursane på havbotn og i sjø har tradisjonelt fått mindre merksemd enn landareala. Tidlegare la lovverket opp til eigne kystsoneplanar, men i samsvar med plan- og bygningslova er desse temaområda no ein integrert del av kommuneplanen sin arealdel. For å utvikle strategiar og arealpolitikk som ivaretak både natur, klima, lokalsamfunn og næringsinteressene, kan det likevel vera viktig å innhenta meir kunnskap om sårbare artar og ressursane til havs.

Arealdelen til kommuneplanane for Sund, Fjell og Øygarden omtaler bruk av strandsona, men har i liten grad fokus på vern av liv under vatn.




Mål 15 Liv på land

Press på verdifullt areal utgjer ein trugsel for biologisk mangfald og økosystem

FN sine berekraftsmål legg vekt på å ivareta mellom anna skog, matjord, våtmark og vassbaserte økosystem, samt sikra biologisk mangfald og vern av trua artar. Å ivareta livet på land og under vatn er avgjerande for helsa vår. Liv på land og under vatn er kjelde til både næring og rekreasjon. Endring i arealbruk påverkar biologisk mangfald og økosystem. Arealbruksendringar og menneskelege inngrep i naturen er dei viktigaste drivarane bak tap av biologisk mangfald gjennom til dømes nedbygging, oppdyrking, avskoging m.m. Klimaendringar, forureining og framande artar utgjer også ein trugsel for biologisk mangfald.

Det er viktig å bevare store samanhengande utmarksområde for å kunne ivareta og styrka levekåra for livet på land. Naturområde både på land og sjø er også viktige kjelder til rekreasjon. I Folkehelseunder-



nordre Bildøyna
Foto: Kjell Andersland

søkinga i Hordaland frå 2018 oppgjer heile 67 prosent at tilgang til natur- og friluftsområde er det viktigaste for å trivast i sitt nærmiljø. Ei undersøking om bumiljø-kvalitetar på Straume (Telemarksforsking i regi av Byregionprogrammet), viste også at tilgang på natur og turområder er svært viktig for barnefamiliar sitt val om å bu i eller tett på Straume. Press rundt tett utbygging kan utgjera ein trussel for eigna areal til friluftsliv, og attbygging av tilkomsten til desse områda.

Forureining og utslepp har negativ påverknad på livet på land og under vatn i Øygarden kommune.

Kommunen følger opp utfordringar og tiltak gjennom sitt arbeid knytt til miljø og forureining.


I grunnforurensing (nasjonal base) ligg det registrert om lag 15 lokalitetar i Øygarden kommune, samlege i tidlegare Fjell kommune. Ein har i tillegg kjennskap til fire lokalitetar (jf. tabell i Handlingsplan for energi, miljø og klima 2018-2020), som må følgjast opp med prøvetaking ved eventuelt anleggsarbeid, t.d. ved utbygging av Sotrasambandet og ny fylkesveg sørover. Alle lokalitetane krev miljøplan dersom det

skal gjennomførast tiltak. Det er stort behov for kartlegging av forureina grunn i heile Øygarden kommune.

Behovet for fokus på området kom også fram av kartleggingar gjennom folkehelseoversikta, som syner at kommunen har for lite kunnskap og mangelfulle rutinar kring forureining. Oppfølging av forureining og utslepp er fordelt på fleire ansvarsområde, og arbeidet er ikkje godt nok koordinert.

Vedtekne planar i Øygarden som kan møta utfordringar knytt til berekraftsmål 15:

Arealdelen av kommuneplanane til Sund, Fjell og Øygarden omtaler betydninga av biologisk mangfold og økosystem, og har gjort grep for å verna om store, sammenhengande utmarksområde. Handlingsplan for klima, miljø og klima peikar på konkrete område, som må undersøkast nærmare. Det er behov for å jobba vidare med å samla og koordinera kunnskapen og ansvarsoppfølging.



Sekkingstad, utsikt mot Dyrøyna
Foto: Kjell Andersland

Samarbeid for å nå måla



Mål 17 Samarbeid for å nå måla

Mange av utfordringane knytt til folkehelse er såkalla samfunnsflokar - utfordringar som går på tvers av ulike sektorar og ansvarsområde, og som ofte har samansette årsakssamanhangar. Mål nummer 17 skil seg frå dei andre berekraftsmåla ved å vera ein avgjerande premiss for å nå dei andre 16 måla. For å kunna løysa samfunnsflokar er det heilt naudsynt at både kommune/stat, næringsliv og frivillig sektor jobbar saman for å nå berekraftsmåla.

Kommunalsjefområda i Øygarden kommune har også mange felles mål og overlappande ansvarsområde. Modellen til høgre viser korleis dei ulike tenesteområda i kommunen grip inn i kvarandre, og vil krevja at alle tenesteområda legg til rette for ein samhandlande, samskapande og løysingsorientert kultur.

For å få til eit godt samarbeid er det viktig med gode strukturar og kultur for samhand-

ling internt i kommuneorganisasjonen, men også mellom kommunen og andre aktørar. For å skape vekst i næringslivet vil t.d. evna til mobiliserande samarbeid kunna vera avgjerande for suksess. I tida som kjem vil sannsynlegvis samarbeid mellom bedrifter, FoU, tilgjengeleg kompetanse og offentlege sektorar vera viktigare enn nokon gong før. Det er i kontaktflata mellom fleire aktørar, der oppgåver og ansvar møtast, at utvikling og vekst kan skapast i fellesskap.


«Brukaren i sentrum» er eit viktig omgrep i intensjonsavtalen for Nye Øygarden. Å setja brukaren i sentrum krev at sluttbrukaren av ei spesifikk teneste faktisk vert involvert i arbeidet med å finna gode og tilpassa løysingar. Involvering har som gevinst at brukaren føler eigarskap, engasjement og motivasjon til å ta i bruk eller gjennomføra løysningane.

Alle nedanfrå-og-opp-løysingar tek utgangspunkt i at måloppnåing krev samarbeid. Som omtalt under berekraftsmål 16, vil kultur for deltagande demokrati og medborgarskap kunna engasjera innbyggjarane til aktiv samfunnsutvikling. Fleire interesser og fleire samfunnslag vil då kunna bidra til å løysa fellesskapet sine utfordringar. Nærdemokratiske ordningar, av typen lokalsam-



funnsutval, verkar inkluderande, er helsefremmende og vil kunna vera eit bidrag til å skapa aktive og trygge lokalsamfunn i heile Øygarden kommune.

Kommunen har også fleire kommunale føretak som driftar ulike delar av tenestene i kommunen. I alle kommunale føretak er det viktig at kommunen har ein open og uttrykt eigarstrategi, både av omsyn til styring, ansvarsområde og samarbeid. I tillegg til politisk styring bør det sikrast god samhandling mellom administrasjon og føretak, slik at innbyggjarane opplever ein kommune som leverer heilskaplege tenester og styrer i ei bestemt retning.



Ærfugl ved Bildøyna
Foto: Kjell Andersland

Oppsummering/konklusjon

Som nemnt innleiingsvis har føremålet med kunnskapsgrunnlaget vore å setja lys på sentrale utviklingstrekk i kommunen, og peika på utfordringsbilete som kommunen står ovanfor. Det er gjort eit omfattande arbeid med å skaffa fram statistikk, innhenta kvalitative data og gjennomføra analysar. I dette datafangstarbeidet har tilsette i heile organisasjonen vore involverte. Slike prosesser er krevjande med omsyn til ressursar, men er viktige og naudsynte for å fanga opp årsakssamanhangar og utfordringar som ikkje kan lesast ut av tal og statistikk. Gode og involverande prosesser er viktige for å gje legitimitet til kunnskapsgrunnlaget. Ei felles forståing av utfordringane i kommunen sikrar ein samstemt organisasjon som styrer i same retning. Dersom planar skal opplevast som relevante, og slik sett fungera som eit reelt styringsverktøy, må organisasjonen og samfunnet kjenna seg att i utfordringane.

Verda endrar seg fort, og skisserte utfordringar er ferskvare som brått er gjenstand for endringar. Den pågående koronapandemien vil få store konsekvensar og endra samfunnsutfordringane globalt, nasjonalt og lokalt i Øygarden kommune. Kunnskapsgrunnlaget må difor lesast som eit dynamisk dokument, der ny og kanskje totalt endra kunnskap kan trekkjast inn i framtidige strategiar og planar.

Vedlagt kunnskapsgrunnlaget ligg også ei oversikt over vedtekne planar frå dei tre tidlegare kommunane. Som nemnt innleiingsvis er det eit rikt omfang av planar. Fleire av desse vil truleg overlappa kvarandre. Føremålet med å visa planoversikta er å synleggjera omfang og behov for ein administrativ prosess med faglege vurderingar på kor godt dei møter utfordringsbileta som er skisserte i kunnskapsgrunnlaget. Administrasjonen sine vurderingar av tidlegare vedtekne planar og strategiar vil verta presenterte for politiske drøftingar i god tid før vedtak av planstrategien.

Ved kommunesamanslåing vil ein kunna oppleva ulikskap knytt til administrative tilnærmingar, plantradisjon og politiske utviklingsstrategiar. Gjennom felles kunnskapsgrunnlag, prosesser og drøftingar, er målsettinga at den første planstrategien for Øygarden kommune skal verka samlande, og stå fram som ein godt forankra "plan for planlegginga" i perioden 2020-2023!




Foto: Stig Guntveit



Skogsøy nord
Foto: Stig Guntveit